


KOMMUNALT INFORMASJONSMAGASIN FRÅ LUSTER KOMMUNE

LUSTRA

NYTT

Nr. 1 | 2023 28. årgang



God sommar!



*Ordførar Ivar Kvalen.
Foto: Andreas Eikseth
Nygjerd AENfotografi.*

Ordføraren takkar for seg

Hei alle lesarar av Lustranytt. Til vanleg skriv ordføraren i Lustranytt til jul og til sommaren. Då prøver eg å oppsummere det siste halve året av stort og smått i kommunen vår eller av viktige hendingar

som påverkar oss her inst i Sognefjorden. Då eg no sette meg ned for å skrive ordføraren har ordet, gjekk det opp for meg at dette er siste gongen eg skriv til dykk her i Lustranytt. Denne gongen vert det difor litt annleis enn tidlegare.

Det vert ofte sagt at tida går fort, og det kan verkeleg kjennast slik ut i periodar. 19. oktober er siste arbeidsdagen her på rådhuset, då har eg lagt bak meg 12 år som ordførar. 20. oktober i 2011 vart eg formelt vald av kommunestyret og tok til i jobben same dag. Det var ein smånervøs og audmjuk kar som tok til i jobben den gongen, og eg tenkte mange gonger «kva har eg no gjeve meg ut på». Mottakinga av alle som jobba her på rådhuset og av dei politiske partia var svært god, det var til god hjelp og støtte for ein nybyrjar, sjølvstillingen og tryggleiken kom etter kvart.

Det er likevel kontakten med alle lusteringane desse 12 åra som verkeleg har vore kjekt. Eg har ikkje oversikt over kor mange arrangement, jubileum eller opningar eg har delteke på alle desse åra, men truleg snakkar me om fleire hundre. Det har vore veldig viktig for meg som ordførar å stilla opp når innbyggjarar, organisasjonar og lag spør om det. Eg vil at alle skal bli sett og alle skal få same merksemd. For å sameine ein så vidstrakt kommune som Luster må alle ha kjensla av at me vert like mykje verdsett og får same tilgangen til kommunen som andre. Difor seier eg aldri nei til invitasjonar. Å møte born, ungdom og vaksne kringom denne fantastisk fine kommunen vår har vore ei stor glede for meg. Det har vorte mange porsjonar med rømmagraut, betasuppe, kling og mølsa, for ikkje å snakke om alle kakene. Som de veit seie eg ikkje nei til mat heller.

Den gode samtalен med personar kringom i kommunen, få høyre historier frå gamle dagar om korleis livet var her i grindene våre, har vore av stor verdi å få ta del i. Gjerne frå dei stillfarande som du elles ikkje høyrer så mykje frå. Det er i slike stunder ein oppdagar kva fantastisk historie og kva arbeidsame folk me lusteringar har vore i alle desse 100 åra bakover. Og så går det opp for meg kor stolte me er av heimstaden og bygdene våre, det gjer at eg som politikar får ein heilt anna respekt for både historia, kulturlandskapet og ikkje minst alle menneska som oppgjennom har forma og utvikla bygdene våre.

Å vera ordførar er på eitt vis ein einsam jobb. Det er forventa at ein skal stå i stormen like godt som i godvær. Det å kommentera katastrofar og ulukker på direktesendt fjernsyn og radio er ikkje lett. Det same gjeld når det innimellom dukkar opp krevjande politiske saker, eller saker som kommunen har ansvar for. Då er det ordføraren som må i «elden», media og andre vil ha svar. Etter kvart vert ein litt meir rutinert og øvd til å takle slikt press, men det er ofte vanskeleg og ein kjenner seg usikker. Eg vil gjerne denne gongen trekke fram samhaldet og den gode fellesskapen me ordførarar i Sogn har hatt desse 12 åra eg har vore ordførar. Me kjem frå ulike parti, me har ikkje alltid vore samde i alle prioriteringar og diskusjonane har vore friske, men det har alltid vore med respekt og ofte med glimt i auga. Når det var krevjande saker i eigen kommune, var det ofte nabo-ordførarar som ringde med ein støttande samtale. Som nyvald ordførar i 2011 vart eg teken godt imot i kollegiet, og eg vil gjerne få takke alle ordførarane i Sogn for god støtte og samarbeid. Om eg skal nemne ein som alltid var veldig raus, inkluderande og støttande, sjølv om han ofte sjølv hadde krevjande arbeidsdagar, er det Jarle Aarvoll. Det har vore til stor glede og hjelp. Eg kjem til å sakne gode kollegaer.

Til slutt vil eg seie til alle dykk lusteringar; det har vore ei stor ære og glede å ha fått vore ordføraren dykkar i alle desse åra. Tusen takk for at de har teke så godt imot meg.

God sommar til dykk alle.


Ivar Kvalen, ordførar

Rådmannen har ordet: Gode tider i Luster

Kommunekvarden og ikkje minst kommune-økonomien er sterkt farga av kraftinntektene frå 2021 og 2022. Kommunen har også innført straumstøtte med fastpris på straum til næringsliv og regulert straumpris til husstandane slik at heile kommunen og mykje aktivitet får del av kommunen sine kraftinntekter.

Netto driftsresultat i kommunerekneskapen på 87,5 million kroner(11,5%) er ekstraordinært, unormalt for ande året, og er skapt eine og åleine av kraftinntektene. Samtidig syner den ordinære drifta tilfredstillande kontroll og bra resultat. Ikkje minst har og kommunen handtert tilleggsutfordring med mottak av 90 flyktningar, i hovudsak frå Ukraina, på ein god måte.

Første del av 2023 er farga av normal drift samt framhald av det ekstraordinære med mottak av flyktningar og usikre rammevilkår i kraftøkonomien, noko lågare prisar, men framleis høge prisar.

Økonomibalansen er vesentleg styrka og vert no, etter vedtak i kommunestyret, nyttå i investeringsområde; kommunale investeringar, tilskot til andre sine investeringar og vesentleg engasjement i næringsutvikling og næringsbygg. Dei gode tidene gir rom for dette, eit rom som få andre kommunar har.

Samtidig er det mange ordinære oppgåver som skal følgjast opp i 2023. Det er stor og god aktivitet på nærsagt alle område i kommunen. Folketalet held seg godt oppe, tilgang på arbeid er god, så god at den største uroa i den kommunale drifta er å rekruttere godt og ha tilstrekkeleg bemanning.

Sentralt i 2023 er og å planleggje for arealbruken i åra framover. Ordføraren, med støtte frå administrasjonen, har vore ute på bygdemøte i heile kommunen og henta innspel til revidert kommuneplan areal (KPA). Desse innspela og føringer på miljø, klima og vern av landbruksareal skal no vurderast og gi grunnlag for planutkast, som etter høyring, vert lagt fram for endelig vedtak på nyåret. Me får eit endå sterkare krav om at byggeområde, område me bygger ut, skal utnyttast betre. Så vert det det nye kommunestyret som vedtek og skal følgje opp sin eigen plan den neste 4-års perioden.


Rådmann
Jarle Skartun.



Nytt kommuneval er og sentralt i 2023, i oktober får me nytt kommunestyre og denne gongen og ny ordførar. Politikken skal ikkje rådmann og administrasjonen meine så mykje om, men rådmann har ei oppgåve i å leggje til rette for eit aktivt og godt lokaldemokrati i kommunen for alle som deltek. Så skal dei politiske vedtaka gjennomførast av administrasjonen. Formannskapsmodellen er i motsetnad til ein parlamentarisk modell ein modell for å finna gode kompromiss og konsensus i det lokalpolitiske arbeidet. Rådmannen sin analyse er at dette greier me på ein god måte i Luster. Eit verkemiddel her er å involvere politisk nivå på eit tidleg tidspunkt i store og overordna saker. Modellen for budsjett og økonomiplanarbeidet, der formannskapet er med og er sentrale frå dag ein i prosessen, meiner rådmannen er god i så måte. Føringer her gir i mange samanhengar også retning på dei mange enkeltsakene som skal løysast i kvardagen.

Rådmann er tilfreds med at me har ein god politisk kultur i Luster og håpar at dette kan vidareførast inn i ny periode. Rådmann finn og grunn til å takka noverande kommunestyre og ikkje minst ordførar Ivar for godt samarbeid og stor tillit i det utøvande arbeidet som ligg til rådmann for å drifta og utvikla kommunen vidare.

God sommar og god lokalvalkamp for alle.


Jarle Skartun, rådmann



Årets bedrift i Luster år 2023

Utdelinga av prisen ”Årets bedrift i Luster” er ei årleg tilskiping på Lustramarknaden. I år 2023 er det 33. gongen denne utmerkinga vert delt ut. Det er næringsutvalet i Luster kommune som avgjer kven som får prisen.

I statuttane for tildelinga står det mellom anna:
»Prisen som årets bedrift er ei honnørutmmerking.
Prisen vert delt ut til ei bedrift som på ein positiv måte har utmerka seg. Prisen kan gå til etablerte føretak og nyetableringar»

I år 2023 går prisen til eit relativt nytt føretak. Verksemda har markert seg ekstra godt no siste året, med stor

satsing og mykje positiv omtale. Årets bedrift i 2023 er Bøtun på Lambhaug. Eg vil be eigarane og drivarane Mathilde og Martin Buch Larsen om å komme fram.

Kvifor har så Bøtun fått denne utmerkinga:

Garden Bøtun er lokalisert ved Lambhaug på Indre Hafslo. I 2012 kjøpte Mathilde og Martin som begge er frå Danmark garden og starta med sau i 2014. I 2017 bygde dei nytt fjøs for sauer og satsa og på utegris. Frå dag ein har dei dyrka grønsaker til eige bruk.

I 2020 satsa dei så på omlegging til grønsak og urteproduksjon for sal.

I 2022 bygde dei nytt bygg for produktforedling av grønsaker, kursverksem, yoga og bespisning. Dei produkta dei tilbyr i dag er:

- Dei sel abonnement på grønsakkasser levert ein gong i veka
- Dei sel grønsaker og urter til hotell og restaurantar i Sogn
- Dei tilbyr kurs i hagebruk, matforedling og kosthald
- Dei produserer sjokolade der dei nyttar eigne urter og blomar
- Dei skal ha open kafe to dagar i veka, der dei sel eigne produkt
- Dei har tilbod om omvisning i hagen
- Dei har yogakurs
- Dei produserer snittblomster til bryllaup og andre tilstellingar

Eg kan fortelje at nett i dag har dei laga og levert ei kake til eit bryllaup her i kommunen til 80 personar. Kaka er pynta med spiselege blomar som fargemessig matchar brudebuketten, som dei og har laga.

Dei driv økologisk produksjon og har nett fått «økologisk gullmerke for servering», og då må 90 % av råvarene dei nyttar i si servering vere økologisk.

Omsetninga har vakse greitt dei siste åra og det er imponerande at 3.5 mål grønsak- og blomsterhage kan gje grunnlag for over 3 årsverk.

Framover vil eigarane av Bøtun halde fram med å utvikle produkt rundt hagen sin.

Dei planlegg å auke kursaktivitetene og selje meir av forelda hageprodukt. Dei vil også investere i meir utstyr for sjokoladeproduksjonen.

Reiselivsproduktet; omvisning i hagen og smak av produkta i kafeen vil det også bli satsa på.

Bøtun fekk i sist veke melding om at dei er tekne opp i Innovasjon Norges sitt nasjonale Vekstprogram. I det ligg midlar til vidare utvikling og det er også ei fjør i hatten for Bøtun sin måte å tenkje på.

Til slutt: Bøtun er ei innovativ verksem innanfor landbruket i Luster kommune. Det er viktig for ein kommune å ha verksemder med god kunnskap, som tenkjer nytt og som satsar i den lokale og regionale marknaden. Vi veit Mathilde og Martin har fleire planar. Lukke til med arbeidet framover.



Årets lestring 2023

Som ein del av Lustramarknaden er folk inviterte til å komme med framlegg til *Årets lestring 2023*. Denne heiderstittelen skal gå til «ein person, lag eller organisasjon heimehørande i Luster kommune som gjennom sitt virke har utgjort ein ekstraordinær positiv skilnad for kommunen.»

Folk har hatt høve til å komme med grunngjevne framlegg til kandidatar via Luster nærradio og gjennom framlegg direkte til Lustramarknaden.

Det er ei nemnd på fire personar som kjenner lustersamfunnet rimeleg godt som har arbeidd med å plukke ut Årets lestring 2023, det er: Jermund Molland, Linda Øvregard Røhme, Ove Midtbø og Olav Grov.

Nemnda for kåringa av Årets lestring 2023 seier samrøystes:

Det er komme mange framlegg til Årets lestring og det er svært gode kandidatar det er komme framlegg om.

Mange lusteringar står på og gjer ein stor innsats for fellesskapet i Luster på mange måtar året rundt og i år etter år. Det er grunnlaget for at vi har eit godt og aktivt lustersamfunn der folk trivst og vil bu. Det vonar vi at alle vil halde fram med.

Det er likevel ein person som peikar seg ut no i 2023. Det er ein person som dei siste 12 åra har vore Luster sitt ansikt utad og ein person dei aller fleste lusteringar kjenner på ein god måte. Årets lestring 2023 er då som dei fleste skjønar ordførar Ivar Kvalen. Eg ber om at Ivar kjem opp på scenen.

Me har fylgjande grunngjeving for valet:

- Ivar Kvalen har vore ein synleg ordførar som på ein god måte har tala Luster si sak i høve regionale og statlege styresmakter.
- Ivar har vore Luster sitt ansiktet utad, og profilert kvalitetane i lustersamfunnet godt.

- Ivar har vore flink til å delta på arrangement både store og små i heile kommunen, det er ikkje den ting han ikkje har vore snorklippar på.
- Ivar har vore ordførar for alle grender i den store kommunen vår, han har vore ein samlande ordførar.
- Ivar har som ordførar vore tilgjengeleg og lett å komme i kontakt med, uformell i stilten, men formell når det krevst.
- Ivar har støtta opp om og halde tale i samband med Pride-markering i kommunen.
- Ivar har vore pådrivar for at Luster kommune skal ta mot flyktningar på ein god måte.
- Ivar har vore raskt på plass når det har vore skred, flaum eller andre hendingar i kommunen.
- Ivar har leia Luster kommune i ein oppgangsperiode med store kommunale investeringar, med flott utvikling i mange verksemder og med folketalsauke på nær 400 personar.

Ivar er rett og slett ein likandes kar!



Johan Edvin Hilleren

Luster sin kulturpris 2022

Luster kommune har delt ut Kulturprisen sidan 1985. Bakgrunnen for den kommunale kulturprisen har vore, og er framleis, å gje betre vilkår for kulturarbeidarar i kommunen. Men og for å vera til inspirasjon for alle som driv aktivt kulturarbeid. Kulturprisen skal særleg vera ein honnør for oppførande kulturarbeid. Kulturprisen skal ikkje reknast som tilskot til planlagde oppgåver, men som ei påskjønning. Kulturprisen kan delast ut til einkelpersonar, organisasjonar eller institusjonar som har utmerka seg i særleg positiv kulturell samanheng. Kulturprisen vil bli delt ut kvart år, så sant det finst høvelege kandidatar. I nominasjonen til årets kulturpris heiter det:

Kandidaten vår har gjennom ei årrekke vore aktiv innan aktivitetstilbodet i heimbygda si. Kandidaten var leiar i det lokale idrettslaget på -80 og -90 talet, og han (for kandidaten er ein mann)

var med å starta opp det populære påskerennet som i dag har over 70 startande kvart år, for det meste born.

Han var også med på å laga til lysløypa i bygda der det kvar veke om vinteren vert arrangert cuprenn for små og store. Men «bordet fangar» so da heiter, og no har han køyrt løyper i nesten 50 år. Til stor glede for mosjonistar, bygdafolk, hyttefolk, turistar og ikkje minst borna på Veitastrond.

Dei flotte skiløypene inn mot Tungestølen og Nyestølen har gitt alle som er på Veitastrond flotte naturopplevingar og gode sjansar til å halda seg i form. Utan desse skiløypene ville ikkje bygda vore på langt nær ein så attraktiv destinasjon i vinter- og påskeferie som den er i dag.

Det vert og køyrt løyper på bøane slik at dei fleste har den unike moglegheita at dei kan gå på ski i flotte løyper frå si eiga stovedør. Desse vert brukte av dei unge og

gjer at ein lærer seg å gå på ski frå dei kan gå på føtene. Lysløypa vert og nytta av skule og barnehage. Alle desse løypene på Veitastrond har utvilsamt gitt fastbuande og besökande stor auke i trivsel i alle desse åra.

Veitastrond er som regel sikra snø om vintrane - og i påsken kan det på ein solskinnsdag vera kø i løypene. Ingen er spente på om det er oppkjøyrte løyper kvar dag, då dette er «sjølv sagt» når Johan har ansvaret for dette.

Han har hatt fleire verv, var ein av dei ivrigaste som kjempa for at Nye Tungestølen Turisthytte skulle bli bygd oppatt og initiativtakar bak hengebrua mellom Nyestølen og Tungestølen. Ei viktig bru som knyt desse to stølane til kvarande for fotturistar. Men og ei bru som vert endå viktigare no når turisthytta på Tungestølen er kome opp att. I forbindelse med bygginga av den nye hytta var han også ein av dei ivrigaste lokale forkjemparane for dette. Han hadde sjølv arbeidet med å grava ned straumkabelen frå Vårstølen til Tungestølen.

Kandidaten vår er no over 70 år og til tross for uendeleig med dugnadstimar for lag og organisasjonar i heimbygda si Veitastrond, så takka han ja til å gjera «comeback» i styret til Veitastrond Idrettslag. Det skal også leggjast til at han alltid er ein positiv og ekte JA-mann for bygdi si, Veitastrond.

I nominasjonen er det streka under at: **kandidaten vår får kulturprisen for sin innsats for å fremja fysisk aktivitet og friluftsliv.**

Kulturprisen skal altså ikkje reknast som tilskot til planlagde oppgåver, men som ei påskjønning. Det er med bakgrunn i dette at Luster kommune i år har vedteke å gje kulturprisen til deg: **Johan Edvin Hilleren**, sa ordførar Ivar Kvalen då kulturprisen vart overrekt i kommunestyret.



Valdagen for kommunestyre- og fylkestingsvalet er mandag den 11. september.

Stemmerett

Du har stemmerett dersom du er:

- Norsk statsborgar som har fylt 18 år innan utgangen av 2023, som er eller har vore registrert i folkeregisteret som busett i Noreg.
- Statsborgar i Danmark, Finland, Island eller Sverige som har fylt 18 år innan utgangen av 2023, og er registrert i folkeregisteret som busett i Noreg seinast 30. juni 2023.
- Ikkje er norske statsborgar, men har fylt 18 år innan utgangen av 2023 og har vore registrert i folkeregisteret som busett i Noreg dei tre siste åra før valdagen.

Står du i manntalet?

Manntallet er ei oversikt over alle som har stemmerett i ein kommune. For å kunne stemme må du stå innført i manntalet.

Veljarar busett i Norge blir automatisk innført i manntalet i den kommunen der dei er registrert i folkeregisteret som busett pr. 30. juni i valåret.

Flyttar du til en anna kommune etter 30. juni, er du framleis registrert i manntalet og har stemmerett i den kommunen du flytta frå sjølv om du melder flytting.

Bur du i utlandet?

Er du busett i utlandet, men har vore registrert i folkeregisteret

som busett i Norge i løpet av dei siste 10 åra, blir du automatisk innført i manntalet i den kommunen der du var registrert som busett då du flytta frå Norge.

Dersom du ikkje har vore registrert busett i Norge dei siste 10 åra, må du søke din siste bustadkommune om å bli ført inn i manntalet. Dersom du aldri har vore folkeregisterført som busett i Norge, skal du søke til Oslo kommune.

Du søker ved å skrive under på omslagskonvolutten som blir brukt ved førehandsstemming utanriks, eller du kan søkje på eige skjema på heimesida til kommunen samtidig som du stemmer. Søknaden må innehalde ei erklæring om at du framleis er norsk statsborgar.

Valkort

Alle som står i manntalet får tilsendt valkort. Alle med unntak av følgjande veljarar får valkortet i digital postkasse eller i Altinn:

- Dei som har reservert seg i register over digital kontaktinformasjon
- Dei som ikkje har oppdatert eller stadfesta opplysningane i register over digital kontaktinformasjon.

På valkortet står det m.a informasjon om opningstider på vallokalet og kvar du kan

førehandsrøyste. Det er fint om du har valkortet tilgjengeleg når du vil stemme, men det er ikkje eit krav.

Du kan sjekke manntalet

Frå ca. 20. juli kan du sjekke om du står i manntalet.

Manntalet blir lagt ut på biblioteket i Gaupne og på infotorget på rådhuset.

Du kan også ringe rådhuset, 57 68 55 00, og spørje om du står i manntalet.

Klage på manntalet

Dersom du meiner at du sjølv eller nokon annan urett er blitt innført eller utelatt frå manntalet i kommunen, kan du krevje at feilen blir retta opp.

Kravet skal vere skriftleg og grunngjeve, og sendast til: Luster kommune, valstyret, Postboks 77, 6866 Gaupne.

Legitimasjon

Vallova seier at ein veljar som er ukjend for stemmemottakar skal legitimere seg. Ta difor med legitimasjon når du skal stemme. Det er eit minstekrav at legitimasjonen har eit visst offisielt preg, og inneheld veljaren sitt namn, fødselsdato og bilet.

Legitimasjon kan vere pass, bankkort med bilete og førarkort – også digitalt førarkort. Anna legitimasjon med bilete vil òg bli godkjent.

Informasjon:

På

www.luster.kommune.no vil det bli lagt ut relevant valinformasjon fram mot valdagen.

Du finn og mykje god sentral informasjon på www.valg.no

Vallister kommune-styrevalet i Luster

Det skal veljast 25 representantar til kommunestyret i Luster. 7 parti stiller til val. Kandidaten som er ført opp med uthøva skrift på stemmesetelen, skal ha eit stemmetillegg tilsvarande 25% av tal stemmesetlar som denne lista før.

Du kan gje personstemmer ved kommunestyrevalet

1. Gje ein eller fleire kandidatar ei personstemme ved å setje X i ruta framfor namnet på kandidaten.
2. Gje personstemme til inntil 6 kandidatar frå andre lister. Ver merksam på at dersom du fører

opp ein kandidat frå ei anna liste, tapar den lista du brukar ei listestemme, medan lista til kandidaten du fører opp vinn ei listestemme.

Konstituerande kommunestyremøte

Det nyvalde kommunestyret vil ha konstituerande møte den 19. oktober. Då vel dei mellom anna nytt formannskap og ny ordførar.



Vallister kommunestyrevalet 2023

Arbeidarpartiet



Kandidat nr 1
Gunn Beate Thorsnes Lefdal
Fødd: 1968 | Adresse: Gaupne



Kandidat nr 2
Oddstein Haugen
Fødd: 1955 | Adresse: Solvorn



Kandidat nr 3
Svein Tore Heltne
Fødd: 1975 | Adresse: Luster

4	Helene Selland	2003	Hafslø	18	Odd Atle Stegegjerdet	1958	Gaupne
5	Kåre Hønsi	1971	Gaupne	19	Ine Jeanette Skjerven	1986	Hafslø
6	Vivian Kvam	1980	Hafslø	20	Marita Kveane	1988	Jostedal
7	Anette Stegeggerdet Norberg	1986	Gaupne	21	Palmar Kjærvik	1954	Gaupne
8	Geir Arne Kvam	1960	Hafslø	22	Mette Johannessen	1981	Hafslø
9	Synne Nes Veum	1998	Marifjøra	23	Magnus Ølnes	1984	Hafslø
10	Lars Jørgen Kjærvik	1995	Gaupne	24	Astrid Martinsen	1945	Luster
11	Therese Hilleren	1978	Veitastrond	25	Aud Jorunn Hellen	1969	Gaupne
12	Daniel Fossheim	1991	Gaupne	26	Jonny Gjerde	1965	Skjolden
13	Mina-Christine Tangerud Ølnes	2003	Hafslø	27	Antonette Hermansen	1994	Hafslø
14	Jone Hovland Vigdal	2004	Jostedal	28	Lillian Øiene Bolstad	1971	Skjolden
15	Marianne Hauglum	1966	Luster	29	Vegard Bolstad	1985	Skjolden
16	Øyvind Åsarmoen Møller	1989	Hafslø	30	Eirik Hoem	1979	Hafslø
17	Mona Elin Solstad Vik	1958	Gaupne	31	Sigfred Arnulf Haugen	1947	Solvorn

Framstegspartiet


Kandidat nr 1
Ernst Veum

Fødd: 1941 | Adresse: Hafslo


Kandidat nr 2
Janne Cathrine Kvamme Sætherbø

Fødd: 1975 | Adresse: Skjolden


Kandidat nr 3
Turid Øiene

Fødd: 1964 | Adresse: Skjolden

- 4 Erling Schønning Vigdal
5 Arne Hauge
6 Tore Moen Heggestad
7 Paul Morten Bjørk
8 Hege Hagen
9 Olav Normann Beheim

- 1974 Gaupne
1957 Skjolden
1991 Luster
1967 Gaupne
1993 Skjolden
1943 Hafslo

- 10 Anne Grete Njøs
11 Nils Arne A Skjerven
12 Karl Norvald Hovland
13 Mona Bolstad Pedersen
14 Asle Hauge

- 1965 Høyheimsvik
1964 Hafslo
1936 Skjolden
1955 Skjolden
1997 Skjolden

Høgre


Kandidat nr 1
Geir Arve Sandvik

Fødd: 1966 | Adresse: Gaupne


Kandidat nr 2
Bård Flattun Lilleeng

Fødd: 1973 | Adresse: Gaupne


Kandidat nr 3
Britt Dagrunn Brugrand

Fødd: 1964 | Adresse: Høyheimsvik


- 4 Per Jarle Molland
5 Elisabeth Stokkenes
6 Øyvind Tørvi
7 Tomas Kjørlaug
8 Erling Kåsine
9 Toril Partenyi
10 John Geir Sperle
11 Trine Eide Sandvik
12 Terje Anton Gudmundsson
13 Even Hunshamar
14 Hans Olav Sandvik
15 Frode Schanke Eikum
16 John Børre Veum

- 1951 Marifjøra
1992 Skjolden
1984 Hafslo
1983 Hafslo
1944 Gaupne
1967 Hafslo
1979 Jostedal
1971 Gaupne
1971 Skjolden
1999 Marifjøra
1964 Gaupne
1972 Hafslo
1972 Gaupne

- 17 Paulus Henricus Fransen
18 Hans Gulleik Grøndal Fuhr
19 Johannes Flohaug
20 Ole Halveg
21 Paulina Flattun Lilleeng
22 Terje Bakke Nævdal
23 Kai Kvalsøren
24 Jakob Sandvik
25 Tormod Kvalsøren
26 Jakob Eikenes
27 Svenn-Rune Gangdal
28 Jonny Øvreboe

- 1965 Marifjøra
1963 Gaupne
1978 Gaupne
1991 Gaupne
1987 Gaupne
1970 Gaupne
1966 Høyheimsvik
2002 Gaupne
1971 Gaupne
1962 Luster
1972 Gaupne
1972 Gaupne

Kristeleg Folkeparti



Kandidat nr 1

Jonatan Hurthi

Fødd: 2002 | Adresse: Marifjøra



Kandidat nr 2

Beate Bondevik Lie

Fødd: 1978 | Adresse: Hafslo



Kandidat nr 3

Ole Martin Brennsæter

Fødd: 1991 | Adresse: Fortun

4	Olaug Høyheim
5	Håvard Sie
6	Hermund Alme
7	Ellen Pauline Borch Veum
8	Tina Skagen Samnøy
9	Audun Moen
10	Oda Bertine Bondevik Lie
11	John Oddvar Vinda
12	Ingvild Øvrebø
13	Willy Vigdal
14	Åse Edith Snøtun

1956	Høyheimsvik
2004	Hafslo
1965	Hafslo
1960	Gaupne
1998	Fortun
1975	Høyheimsvik
2005	Hafslo
1961	Gaupne
1990	Solvorn
1966	Gaupne
1951	Gaupne

15	Thorleiv Hurthi
16	Oddny Urnes
17	Sigvald Høyheim
18	Bodil J Skjerven Brennesvik
19	Bjørn Kalstad
20	Åshild Hilleren
21	Audun Kristian Oklevik
22	Grethe Snekkevik Bondevik
23	Jan Henry Tverberg
24	Wenche Samnøy
25	Jan Idar Øygard

1976	Marifjøra
1978	Fortun
1980	Luster
1956	Hafslo
1981	Høyheimsvik
1955	Veitastrond
1999	Hafslo
1988	Høyheimsvik
1967	Luster
1970	Fortun
1971	Hafslo

Senterpartiet



Kandidat nr 1

Andreas Wollnick Wiese

Fødd: 1976 | Adresse: Skjolden



Kandidat nr 2

Marianne Bugge

Fødd: 1973 | Adresse: Ornes



Kandidat nr 3

Olav Høyheim Einan

Fødd: 1989 | Adresse: Hafslo

4	Grethe Kristin Leirdal
5	Knut Hauge
6	Ann Kristin Sperle
7	Martha Boksasp Lerum
8	Tom Idar Kvam
9	Marthe Gjerde
10	Per Steinar Sviggum
11	Anja Irene Hilleren-Fåberg
12	Magnar Bjørk
13	Charlotte Alme Bringe
14	Erling Sperle
15	Silje Holen
16	Einar Bolstad
17	Maria Søhoel

1984	Gaupne
1984	Marifjøra
1980	Nes
2004	Sørheim
1973	Hafslo
1986	Jostedal
1960	Gaupne
1990	Veitastrond
1960	Fortun
1978	Luster
1987	Jostedal
2004	Luster
1994	Hafslo
1995	Solvorn

18	Anders Knut Molland
19	Ingeborg Fuhr
20	Johanne Grov
21	Jon Rebni Øvreås
22	Emma Nyløy
23	Kurt Heggestad
24	Trygve Johan Lerum
25	Signe Gudveig Rauboti
26	Anne Lise Haukadal
27	Per Tore Molland
28	Ingrid Ødegård Bremer
29	Tone Elisabeth Leirdal
30	Per Høyheim
31	Elin Anette Hillestad

1963	Gaupne
1986	Luster
1988	Jostedal
1994	Skjolden
1996	Fortun
1982	Veitastrond
1961	Sørheim
1983	Solvorn
1960	Kroken
1968	Marifjøra
1988	Hafslo
1980	Gaupne
1969	Høyheimsvik
1973	Hafslo

Sosialistisk Venstreparti



Kandidat nr 1

Kai Øystein Søvde

Fødd: 1976 | Adresse: Gaupne

- 4 Anne Grethe Sønsthagen
- 5 Arve Bjørn Røneid
- 6 Liv Byrkjeland
- 7 Øivind Kristiansen

Kandidat nr 2

Liv Endresen

Fødd: 1977 | Adresse: Gaupne

- 1987 Hafslø
- 1968 Gaupne
- 1963 Høyheimsvik
- 1984 Gaupne
- 8 Helen Gebrehiwot Gebreab
- 9 Åslaug Hansegård
- 10 Semereberhan Hagos Hailu

Kandidat nr 3

Rasmus Tennø Loe

Fødd: 2002 | Adresse: Jostedal

- 1985 Gaupne
- 1987 Ornes
- 1978 Gaupne

Venstre



Kandidat nr 1

Kjetil Melheim

Fødd: 1979 | Adresse: Marifjøra

- 4 Gisle Haugen
- 5 Jannike Skår
- 6 Steinar Bruheim
- 7 Liv Norunn Hunshamar
- 8 Einvald Søreide Erichsen
- 9 Stine Rebni Bjørk
- 10 Atle C. Gandrudbakken
- 11 Inger Johanne Yttri
- 12 Øyvind Hatlevoll
- 13 Gudny Alme
- 14 Magnus Snøtun
- 15 Oddfrid Vange Bergfjord
- 16 Abdirahman Abdulla Dahir

Kandidat nr 2

Ifrah Abdirahman Abdullahi

Fødd: 2002 | Adresse: Gaupne

- 1991 Gaupne
- 1970 Solvorn
- 1955 Jostedal
- 1961 Høyheimsvik
- 1977 Høyheimsvik
- 1977 Fortun
- 1955 Hafslø
- 1963 Hafslø
- 1957 Ornes
- 1950 Luster
- 1976 Jostedal
- 1977 Hafslø
- 1977 Gaupne
- 17 Marte Veivåg-Aase
- 18 Vidar Aasen
- 19 Elice B. G. Gandrudbakken
- 20 Petter Lie
- 21 Else Marie Øvrebø
- 22 Olav Krokgilgja Stølen
- 23 Tordis Skjerdal Rauboti
- 24 Øyvind Kvalen
- 25 Mary Aasen
- 26 Knut Røneid
- 27 Einar Ese
- 28 Jon Ove Lomheim

Kandidat nr 3

Sandhya Karlsen Holene

Fødd: 1984 | Adresse: Hafslø

- 1987 Skjolden
- 1979 Jostedal
- 1992 Hafslø
- 1975 Jostedal
- 1950 Gaupne
- 1931 Jostedal
- 1954 Solvorn
- 1955 Ornes
- 1952 Jostedal
- 1965 Gaupne
- 1953 Jostedal
- 1953 Hafslø

Fylkestingsvalet i Vestland

På valdagen den 11. september, og under førehandsrøystinga, kan du stemme både til fylkestinget og kommunestyret.

Til Vestland fylkesting skal det veljast 65 representantar. 18 vallister er godkjende.

- Arbeidarpartiet
- Bergenslisten
- Folkestyrelisten
- Folkets Parti
- Fremskrittspartiet
- Høgre
- Industri- og næringspartiet
- Konservativt
- Kristeleg Folkeparti
- Liberalistene
- Miljøpartiet Dei Grøne
- Norgesdemokratene
- Partiet Sentrum
- Pensjonistpartiet
- Raudt
- Senterpartiet
- SV - Sosialistisk Venstreparti
- Venstre

Oversikt over kandidatane på listene finn du på vestland.fylke.no eller på luster.kommune.no under politikk og val.

Du kan gje personstemme ved fylkestingsvalet

Gje ein eller fleire kandidatar ei personstemme ved å setje X i ruta framfor namnet til kandidaten. Dette er den einaste godkjende endringa du kan gjere på fylkestingslista.

Førehandssteming

Ver merksam på at på valdagen den 11. september kan du stemme på Fjordstova, i idrettshallen i Gaupne eller i samfunnssalen på Hafslo.

Det er høve til å førehandsstemme på rådhuset i Gaupne alle kvardagars i tida 10. august til fredag 8. september. Ev. utvida opningstid blir kunngjort i lokalavisa, på heimesida til Luster kommune, på kommunen si facebookside og på valglokaler.no

Du kan stemme i heile landet

Du kan førehandsstemme her i kommunen hjå oss på rådhuset. Om det passar betre for deg, kan du førehandsstemme i ein anna kommune. Om du eksempelvis studerer i Bergen,

Førehandsstemming ute i bygdene

Du kan stemme på førehand i bygdene i løpet av dei siste 2 vekene før valdagen.

Fortun grändahus	tysdag 29. august	kl. 14.00 – 18.00
Ornes bedehus	onsdag 30. august	kl. 16.00 – 18.00
Indre Hafslo gymsal	torsdag 31.august	kl. 14.00 – 19.00
Veitastrond samfunnssal	måndag 4. september	kl. 14.00 – 19.00
Jostedal samfunnshus	tysdag 5. september	kl. 14.00 – 19.00
Luster samfunnshus	onsdag 6. september	kl. 14.00 – 20.00
Solvorn gymsal	torsdag 7. september	kl. 14.00 – 18.00

Institusjonar

Ecura, Hafslotun	måndag 4. september	kl. 10.00 – 11.00
Gaupne omsorgssenter	tysdag 5. september	kl. 11.00 – 14.00
Luster omsorgssenter	onsdag 6. september	kl. 10.00 – 12.00
Hafslo omsorgssenter	torsdag 7. september	kl. 10.00 – 12.00

Ta med legitimasjon. Det er fint om du tek med valkort, men ikkje eit krav. Ikkje krav til legitimasjon hjå bebuar på institusjon.

kan du førehandsstemme der. Då vil Bergen kommune sende stemma di til Luster.

Om du førehandsstemmer i eigen kommune, er prosessen om lag som på valdagen. Du blir kryssa i manntalet og får legge stemma di rett i urna. Om du stemmer i anna kommune, legg du stemma i 2 konvoluttar og den blir sendt til kommunen der du er manntalsførd.

Ta kontakt på rådhuset i den kommunen du vil førehandsstemme i.

Tidlegstemming:

Har du problem med å førehandsstemme etter 10. august, får du høve til å stemme ”tidlegstemme” frå 3. juli til 9. august. Ta kontakt på rådhuset, eller ring 57685500.

Her kan du stemme på valdagen 11. september

På valdagen 11. september er det 3 opne vallokale i Luster kommune. Du vel sjølv kva for eit vallokale du vil stemme i. NB! På valdagen kan du ikkje stemme i andre kommunar enn der du er manntalsførd.

Vallokale	Opningstid
Fjordstova, Skjolden	kl. 09.00 – 19.00
Idrettshallen, Gaupne	kl. 09.00 – 20.00
Samfunnssalen, Hafslo	kl. 09.00 – 19.00

Siste dag for førehandsrøysting er fredag 8. september. Sjå elles informasjon om førehandsrøysting òg.

Stemme heime?

Veljarar som på grunn av sjukdom eller uførleik ikkje kan stemme der det blir halde førehandsstemming, kan søke om å få førehandsstemme der dei held til.

Søknadsfrist er fredag

8. september kl. 10.00.

Du treng ikkje søkje skriftleg. Kontakt Luster kommune, tlf. 57 68 55 00. Me vil då gjere avtale slik at du får besøk av to valmedarbeidarar, og får stemme heime, seinast fredag 8. september.

Bli med i ulike råd

Vil du vere med og gje råd til kommunen på korleis Luster skal utviklast til det beste for dei over 60, for ungdomar eller for personar med funksjonsnedsetting?

Kommunestyret skal velje fleire råd og utval etter kommune–styrevalet. Luster Eldreråd er eit partipolitisk uavhengig, rådgjevande organ for kommunen i saker som vedkjem dei eldre sine behov og interesser. Det er til dømes, helse- og omsorgstilbod, kultur og fritid, samferdsle, folkehelse, kommuneplan, reguleringsplanar og budsjettarbeid. Eldrerådet har 7 medlemer. I tillegg peikar kommunestyret ut ein representant som observatør med tale- og forslagsrett. I denne perioden er det ordføraren.

Medlemane i eldrerådet kan veljast frå dei har fylt 60 år.

Eldrerådet si funksjonstid samsvarar med den kommunale valperioden. Dei har om lag 6 møte pr. år. Fyrste del av møtet informerer rådmannen om aktuelle saker/utfordringar. Denne delen av møta er saman med rådet for personar med funksjonsnedsetting

Pensjonistlag og andre organisasjonar som arbeider for eldre sine vilkår har rett til å kome med forslag på medlemmar til eldrerådet.

Frist for å kome med forslag på medlemer i eldrerådet er 25. september 2023.

Dei som blir valde må samtykke til vervet.

Fleire råd i kommunen:

På lik linje med eldrerådet har kommunen

- Råd for personar med funksjonsnedsetting
- Ungdomen sitt kommunestyre

Dei jobbar ofte med dei same sakene (sjå ovanfor), men tek også opp mange saker på eige initiativ.

For det første rådet har aktuelle brukarorganisasjonar og organisasjonar som arbeider for personar med funksjonsnedsettingar sine vilkår rett til å kome med forslag på medlemer. Her har rådet meldt at det er ynskjeleg med yngre medlemer.

For ungdomen sitt kommunestyre har Luster ungdomsskule 3 medlemer, Hafslo barne- og ungdomsskule 3 medlemer, Sogndal vidaregåande skule har 4 medlemer, 4 H har 1 medlem, Idrettsrådet har 1 medlem og dei politiske partia kan ha 1 medlem. I tillegg er det behov for varamedlemer.

Er du interessert i å vere med i eitt av desse råda, meld di interesse via organisasjonar/skular som har rett til å komme med forslag på kandidatar. Du kan også kontakte kommunen v/Anita Bjørk Ruud som kan formidle interessa vidare.

Bli med i Ungdomen sitt kommunestyre (UK):

5 kjappe med UK-medlemmar

Til hausten er det i tillegg til kommunestyreval også val til ulike råd og utval i kommunen. Ungdommen sitt kommunestyre blir rekruttert fra ungdomsskulane i kommunen, fra Sogndal vidaregåande skule, fra 4H, fra Luster idrettsråd og fra politiske partier i kommunen. Representantane kan veljast

frå 8. klasse til og med siste året som lærling/vidaregående, men kan ikkje ha fylt 19 år på valtidspunktet. Det vil sei at du kan ikkje vere fylt 19 år 19. oktober 2023. Om du vil vere med i UK, meld di interesse gjennom skulane eller organisasjonane som står ovanfor.

Martha Boksasp Lerum

Kva er det beste med å vere med i UK?

– Det sosiale samhaldet, å diskutere spennande samfunnssaker i Luster, og ikkje minst pizza og kakao!

Kva er det beste gjennomslaget de har hatt i UK?

– Eg har fått støtte i UK i saker om transportstøtte til hybelungdom og no har me nettopp sendt innspel i plan om fysisk aktivitet, der me føresler at det må leggast til rette for fotballspeling på Sørheim. Me håpar kommunestyret støttar innspela våre.

Kvifor er det viktig å engasjere seg som ung?

– For å vere ei stemme for ungdommen! For at demokratiet skal fungere må alle grupper i samfunnet engasjere seg, også dei unge.



Kva erfaring sit du att med etter to år i UK?

– At det i starten kan vere skummelt å snakke framfor ei forsamling, men at ein rett og slett berre må hoppe i det for å få stemma si høyr! Pluss at Gaupnetunet desidert har verdens beste pizza!

Kvifor anbefaler du at andre må vere med i UK?

– Fordi det er viktig og ikkje minst moro å engasjere seg i Luster! Kommunestyret i Luster høyrer på ungdommen, og vår stemme har faktisk noko å seie!



Aleksander Sognnes Heltne

Kva er det beste med å vere med i UK?

– Å få seie sin mening, og bidra for å gjøre det betre for ungdom i kommunen.

Kva er det beste gjennomslaget de har hatt i UK?

– Eg vil sei det er når me har fått utbedra kollektivtilbuet i kommunen med heim for ein 50-lapp.

Kvifor er det viktig å engasjere seg som ung?

– Det er viktig å engasjere seg som ung, fordi det sørger for at ungdommen får ein god oppvekst, og at alle meininger skal bli høyrte.

Kva erfaring sit du att med etter to år i UK?

– At UK er ein svært sosial arena, der ein blir teke godt imot, og har godt samarbeid med kommunestyre og andre råd i kommunen.

Kvifor anbefaler du at andre må vere med i UK?

– For å bidra i lokalsamfunnet, og hjelpe politikarane til å gjøre Luster til ein bedre plass.



Per Gunnar Moe

*Kva er det beste
med å vere med i UK?*

– Det beste med å vere med i UK er å lære om kva som skjer i kommunen og kva tilbod som finst for ungdom, og få vere med å påverke.

*Kva er det beste gjennomslaget
de har hatt i UK?*

– Det beste gjennomslaget me har hatt i UK var å bidra til at det vart oppretta ungdomsklubbar.

*Kvifor er det viktig
å engasjere seg som ung?*

– Det er viktig å engasjere seg som ung for å kunne vere med å påverke saker som gjeld ungdom.

*Kva erfaring sit du
att med etter to år i UK?*

– Etter to år som medlem i UK har eg lært mykje om planar og politisk arbeid i kommunen.

*Kvifor anbefaler du at
andre må vere med i UK?*

– Eg anbefaler andre å bli med i UK fordi ein kan lære mykje om kva som skjer i kommunen og bli kjent med nye folk. I tillegg har dei ei god kakaomaskin på rådhuset.



*UK var saman med kommunestyret i mai.
Ordførar Ivar Kvalen overraska dei med jubileumskake.*

Jubileum – UK i Luster er 25 år

I sommar vil det vere 25 år sidan ungdomen sitt kommunestyre hadde sitt første møte. I den anledning har eg, Oda Bertine den noverande leiaren av UK tatt meg ein tur til den første leiaren av UK. Aamund Lomheim Bremer vart i 1998 vald som første leiari av UK.

I løpet av alle desse åra har det vore lite endring i kva UK engasjerer seg i. Då eg spurte Aamund om kva saker han var opptatt av i hans tid i UK, såg eg mange fellestrek til det me jobbar med no. Nokon av dei sakane var møteplassar, rusførebygging og ein god vidaregåande skule. Dette er saker dagens UK jobbar med, og syner at dette er viktige saker for ungdom i Luster til ulike tider.

Aamund snakkar mykje om kor viktig han meiner UK er for lokalsamfunnet. Det at ungdomar har ein arena til å seie sin mening og gjere ein forskjell. Han snakkar og om kor viktig det er for politikarane i kommunestyret å vite kva ungdomen meiner og kva dei vil få til. Aamund meiner og at UK er ein fin arena der ungdom frå ulike plassar i kommunen får møtast og snakka om saker som er viktige for dei. Ein fin plass å

møte nye folk på og bli litt kjende før vidaregåande. Han meiner det er mykje ein kan ta med seg vidare i livet av erfaringar når ein har vore med i UK. Det er nyttig å ha kjennskap til politiske prosessar og korleis ein kommune faktisk funkar. Det å vite korleis avgjerder blir tatt. Ein anna ting er det at det er ein veldig fin arena for ungdom til å engasjera seg for fyrste gangen.

Eg syns det er veldig fint av Luster kommune at ungdom i kommunen har hatt ei so viktig rolle i lokalsamfunnet og at me blir høyrd på av dei vaksne. Eg gler meg til å sjå 50 år med UK.

*Oda Bertine Bondevik Lie
Leiar i ungdommen sitt kommunestyre*

*Dagens leiar i
ungdommen sitt
kommunestyre,
Oda Bertine
Bondevik Lie,
har hatt ein
prat med den
første leiaren,
Aamund
Lomheim
Bremer.*



Reisa til månen

Med prosjektet om verdsrommet i Veitastrond barnehage, bestemte me oss ein dag for å reisa på tur til månen. Før reisa kunne starte, måtte me finne ut kva ein treng for ein slik tur. Kva utstyr treng ein? Kor lang tid tek turen? Korleis ser det ut på månen? Spørsmåla var mange, og fantasien på topp.

Med bøker, songar, bilete og oppblåsbare planetar hadde me allereie gjort oss opp litt kunnskap. Me måtte ha ein romraket. Det var viktig at den var så stor at den hadde plass til alle. Astronautkle måtte me ha på oss, for i verdsrommet er det kaldt. Nokon meinte til og med at det var vatn der, andre at det var mykje Stein. Hjelm og

pustemaske laga me til òg, for om me kunne puste der, var det stor usikkerheit om.

Eit stort prosjekt for ein spennande tur. Tek det timar eller dagar å reise til månen? Me måtte berre prøva oss.

Med grøne kassar, og store teppe blei romraketten



UFO med romvesen kjem svevande!

bygd. Aluminiumsfolie og brannhjelmar blei til astronauthjelmar. Utkledningsklede til astronautdrakt. Berre fantasien kunne setja grensa. Songen "Jeg er en astronaut" spelte på høgtalaren, og me reiste av garde.

I ettertid sit me att med mykje ny kunnskap om verdsrommet og solsystemet. På turen gjorde me oss opp ei meinings om korleis romvesen ser ut. Dette har me tatt med oss inn på formingsrommet. Der laga me romvesen, som me seinare har hengt opp i barnehagen. Dei heng ilag med planetar som me har lært oss namnet på.

Me set att med mykje ny kunnskap, mange nye spørsmål - samt ei gleda for ei spennande reise. Kor går neste tur? Berre den som leikar veit, når me no går inn i nytt prosjekt om småkryp.

Alle om bord i romraketten!



Kyllingar på Skjolden Oppvekstsenter



Måndag 6. mars la vi 14 egg i rugemaskina. 10 brune og 4 blå egg.

Onsdag 8. mars var det 37, 6 grader inne i maskina. Vi må fylle på vatn kvar dag fordi eggene ikkje skal tørke ut. Maskina snur eggene fleire gonger om dagen. Det er ein liten ventil på maskina, den var open dei to første vekene

Tysdag 21. mars laga vi til gjettekonkurranse for heile skulen: Kor mange kyllingar får me av 14 egg? Det vart tippa

mellanom 3 og 17 kyllingar frå dei 14 eggene våre.

Fredag 24. lukka vi ventilen og slo av snuing av eggene. Eggene fekk eit filt-teppe under seg.

Måndag då vi kom på skulen var det mykje piping og 8 kyllingar inne i rugemaskina.

Tysdag tok vi kyllingane over i ein kasse og me fekk halda dei. Me var redde for at dei skulle bæsja på oss. Men dei var veldig mjuke og søte!

1. og 2. klasse



Skjolden oppvekstsenter : Der fjord møter fjell vil me oppover!

Skjolden oppvekstsenter ligg i enden av verdas lengste fjord, og i botn av Nord-Europas høgaste fjellovergang. Her har me unike mogelegheiter til å bruke naturen rundt oss, og andre fasilitetar i bygda, for å ta vare på både den fysiske og psykiske helsa til born og elevar. I strandkanten ligg Fjordstova, som har den einaste klatreveggen i kommunen.

Å kjenne på meistring er grunnleggande for motivasjon i ein læringssituasjon. Skulen skal legge til rette for at elevane har ei oppleving av meistring, læring, tilhørsle og trivsel. I ein klasse situasjon med 1.-4.klasse saman, med svært ulike behov og nivå, så er det viktig å finne arenaer der kvar enkelt elev kjenner på ei utvikling for seg sjølv, og ikkje treng samanlikne seg med andre. At elevar kan

vera læremeistrar for kvarandre er òg motiverande for begge partar i tillegg til at læringa skjer gjennom lystprega og positive aktivitetar.

Klatring

I år ynskte me å få til aktivitetar som fremjar både utfordringar, glede, meistringsopplevelingar, samhald og uthald ved å bruke klatreveggen vår.

Nokre elevar hadde sitt fyrste møte med klatreveggen gjennom opplegget i skulen, medan andre hadde klatra mykje tidlegare på fritida.

Samarbeid med HVL

Skulen fekk til eit godt samarbeid med studentar ved HVL som har godkjende lisensar til å instruere barn og unge i klatreveggen. Studentane kom til Skjolden torsdag morgon nokre veker og var sterkt deltagande i at borna fekk gode opplevelingar i klatreveggen.

Viktig å lære seg den rette og sikre knuten.



På god veg oppover klatreveggen.

Kvar elev opplevde framgang frå fyrste til siste gong dei var i klatreveggen. Og med gode instruktørar opplevde elevane at dei var trygge og at dette var seriøst. Lærar og miljøarbeidar i klassen kunne då følgje opp kvar elev ved at eleven fekk tilbakemeldingar og vart sett.

Eleven som i fyrste økt berre ville klatre opp halve veggen på lettaste nivå, men som etterkvart opplevde seg sjølv sterkare og tryggare fordi han/ho følte meistring banka i neste økt i taket på klatreveggen. Eleven fekk kjenne på kroppen både fysisk og psykisk kva denne aktivitetten gjorde for han/ho. Erfaringar frå klatringa kan då takast med vidare til andre læringssituasjonar.

Det er viktig at elevane lærer å kjenne på og oppleve at ein vil og kan meir enn ein trur, men at det kanskje kostar litt krefter der og då. Dette er ei nyttig livserfaring.

Livsmeistring og klatring
Livsmeistring handlar om å klatre oppover, ta vegval, få





God hjelp og innføring av bruk av klatresele.



Heilt til topps!



Sikring er viktig.

støtte frå dei rundt ein, vera sikra og trygg, og oppleve meistring og vekst!

Me må lære born og elevar å kjenne at ting kan vera slitsamt

før ein når toppen. Men å nå toppen er motiverande! Kvar elev har sin eigen topp å nå. Me skal ikkje samanlikne oss med andre, men vera den me

er og klatre mot VÅR topp. Me er heldige som har vår eigen klatrevegg i bygda som me kan bruke.

BRUKTKROKEN i barnehagen

Barnehagen har ei viktig oppgåve i å fremje verdiar, haldninger og praksis for meir bærekraftige samfunn. I rammeplan for barnehagar finn vi verdigrunnlaget for barnehagen med eit eige avsnitt om bærekraft.

I januar dukka det opp eit nytt tilbod i Hafslo barnehage, vi laga oss ein liten bruktkrok. Informasjon på norsk og engelsk er delt med føresette.

I brukthylla kan dei som ynskjer legge frå seg brukte kle, sko, solbriller, sykkelhjelmar og anna som kan få plass i hylla. Har ein større ting ein vil gje vekk, skriv ein ein lapp og heng på hylla.

Barn vekst raskt ut av kle og sko, mykje er ofte like fint om det er brukt av eit barn eller to. I hylla har det dukka opp mykje bra, mange har fått seg noko "nytt" frå kroken vår. Kjekt å sjå at støvlane som Per på 4 år hoppa i søledammene med i fjor, kan Anna på 3 år hoppa med i år!

"Spar miljøet og peng, i ein og same sleng!" Heimelaga skilt med tydleg bodskap.

På øverst hylla finn ein bøker og spel som kan få eit nytt liv i ein ny heim. Spel og bøker kan gje glede for mange små og store i mange år.

Det er meir akseptert og i tida å nytte bruk, det er bra både for økonomi og miljøet vårt.
"Spar miljøet og peng, i ein og same sleng!"





Stian, Benjamin og Tuva brukte for det meste naturelement i verdsarvlogoen, medan Lukas, Victoria og Daniel nytta fargerike papirbitar.

Den internasjonale verdsarvdagen


Den 18. april markerte vi Den internasjonale verdsarvdagen. Solvorn oppvekstsenter ligg midt i smørauga når det gjeld kulturminne og rik natur. Skulen ligg berre eit forbausande godt

steinkast unna Urnes stavkyrkje, som er ein av dei innskrivne verdsarvstadane. Kanskje også den flottaste verdsarvstaden – heilt slik objektivt. Målet med denne markeringa, er å lære

meir om historia vår og kvifor det er viktig å ta vare på objekt frå fortida, for framtida. Dette tykkjer vi er veldig spennande å lære meir om, samtidig som vi vert endå meir kjende med

Kunstnar Hanne Åmli sette elevane i sving med å gjenskape Urnesportalen i leire.





Torje, Henning og Milian syner stolt fram sin versjon av verdsarvlogoen.

vårt fantastiske og historierike nærområde.

Då vi fekk invitasjon til å vere med på å markere verdsarvdagen, takka vi sjølv sagt ja. Med eit spennande og variert undervisningsopplegg, var dette nesten som plankekøyring å rekne.

Vi brukte to undervisningstimar på sjølve opplegget og varierte mellom spennande diskusjonar omkring

nærområdet vårt og den rike historia til stavkyrkja på Urnes, interessante filmar om det same temaet og til slutt kreative oppgåver. Der fekk vi lære å skrive namna våre med runeskrift, lage eigne gripedyr (som i urnesportalen) i leire og ikkje minst lage fantasifulle utgåver av verdsarvlogoen.

I tillegg fekk vi også besök av kunstnaren Hanne Åmli, som tok elevane med på ei kreativ

reise gjennom fortida, med penslar, måling og leire.

Her var hovudfokuset å utforske dei intrikate og ville linjene i den verdskjende portalen på Urnes stavkyrkje. Leire er eit tidkrevjande arbeid og resultatet av dette kreative samarbeidet, får vi sjå etter sommaren ein gong.



Frøsåing i Indre Hafslø barnehage



Denne våren har vore lang og kald. Snøen har sakte men sikkert trekt seg tilbake, og området vårt i barnehagen har tina opp.

Med våren kjem temaet «Nytt liv» fram, og i slutten av april sådde me mykje frø. Tema «Dyrking» finn ein også i rammeplanen for barnehagen – barnehagane sitt styringsdokument. I rammeplanen står det følgjande: «Gjennom arbeid med kropp, bevegelse, mat og helse skal barnehagen bidra til at barna får innsikt i matens opprinnelse, produksjon av matvarer og vegen frå mat til måltid» (Udir, 2017, s 50).

Her var både store og små med på å så diverse grønsaker. Me har sådd både



solsikkefrø og gulrotfrø, og skal snart så sukkerter og sette poteter. Sukkerter gler me oss til å få att på uteområdet vårt, stor stas for barna å plukke og kose seg med. Solsikkefrøa sådde me i posar med bomull, og hengde dei på glaset. Kjempespennande å sjå at det spirer! Gulrotfrøa sådde me i mjølkekartongar, og skal plante dei ut i pallekarmar seinare.

Når grønsakene er ferdige om hausten, er barna med på å hauste. Me pleier å kose oss med smaksprøvar i fruktstundene våre, og lage lapskaus av grønsakene våre. Dermed er barna med på heile prosessen.



Kulturelt mangfald på Indrebygdi

Indre Hafslo barnehage er ein barnehage med to avdelingar, Bruse og Perle. Perle har ungar frå 1-4 år, med 17 ungar, Bruse har ungar frå 4-6 år, med 12 ungar. Me er ein fleirkulturell barnehage, med ungar frå Latvia/Russland, Japan, Kenya, Tyskland, Filippinene og sjølvsagt Noreg og Sàpmi (Sameland). Difor har me i barnehagen valt å ha dette som tema, for å lære om dei forskjellige landa og deira kultur.

Måtar me har jobba med dette på er å telje på ulike språk, lære flagga, og lage mat frå dei ulike landa ved hjelp frå foreldre. Torsdag 26. januar lagde me på avdeling Perle suppe frå Latvia/Russland. I suppen hadde me gulrøter og poteter, som ungane skar opp i bitar, kjøtbollar, som ungane var med å lage, nudlar

og kraft. Ungane syns det var spennande og litt rart å ta i kjøtdeigen. Ingen skar seg! :) Alle likte suppen!

Me har også lagd flagglotto, som ungane tykte var kjekt å

spele. Då lærde dei å hugse flagg/land, og kva ungar som kom frå kva land. Til no har me hatt om Russland/Latvia og Sameland. Då telte ungane til tre på russisk, som er odin-dva-tri. Tidelegare har me også telt til tre på samisk, som er okta-guokte-golbma, og lagd armband i dei samiske fargane. Det er alltid spanande å lære om land og kulturar som vennene har band til.





Smarte 6. klassingar ved Gaupne skule

Alle 6. klassingar i heile Vestland fylke fekk like før jul invitasjon til å delta i konkurransen SMARTere teknologi i regi av Ungt Entreprenørskap. Årets problemstilling var gitt av SIMAS og ordlyden var "Korleis kan ein, ved hjelp frå teknologi, motivere folk til å bli flinkare på kjeldesortering, ombruk og/eller å lage mindre avfall?"

Fredrik Jarstadmarken frå UE kom på skulen for å vere med på kick-off, og 6. klassingane våre tok utfordringa på strak arm. Dei arbeidde med problemstillinga i grupper. Då

arbeidet var ferdig, laga dei ei utstilling og ein jury med representantar frå UE, og SIMAS kom på besøk og valde ut kva gruppe som skulle representere skulen i fylkesfinalen. Gruppa

Tasnim Ali Almobarak, Kaia Søvde Bolstad og Yafet Bereket Bitsuamlak framfor modellen dei laga i samband med utfordringa frå SIMAS.



Så utruleg glad vert ein når ein får vite at ein stikk av med 2. plassen i ein konkurranser der over 2000 andre 6. klassingar har delteke!

som vart valt ut hadde utvikla eit system som skal motivere til betre kjeldesortering og kunnskap om kvifor me sorterer avfallet. Med lyd og poengsum blir ein motivert til å sortere avfallet rett. Ein robot tømmer bosset i dunkane ute, og desse er utstyrt med unike QR-kodar som sender lesaren direkte til ei relevant faktaside på SIMAS si heimeside. Juryen tykte denne løysinga var både nytenkjande og morosam, og gruppa fekk i oppdrag å spele inn ein film der dei synte fram modellen sin og forklarte korleis den fungerte og sende den til juryen i fylkesfinalen.

Vinnarane av fylkesfinalen vart annonsert i ei live-sending 5. mai, og jubelen stod i taket då elevane våre stakk av med 2. plassen i konkurransen der over 2000 6. klassingar hadde delteke.

Me er stolte og krye over dei innovative elevane våre, og ser ikkje vekk frå at arbeid med STEAM-aktivitetar over fleire år kan ha bidrige til å auke kreativiteten deira og lært dei til å tenkje utradisjonelt.

Dekomp – desentralisert kompetanseutvikling ved Gaupne skule



Kven får tre på rad først?



Kor mange ord kan me klare å lage av desse bokstavane?



Kor stor er eigentleg omkrinsen av skulen vår? Det blir spanande å sjå om me har tippa rett!

Gaupne skule har over tre semester hatt eit samarbeid med SEFAL – senter for fysisk aktiv læring ved Høgskulen på Vestlandet. Bakgrunnen for at skulen søkte om kompetansemidlar, var at me ynskte å bruke fysisk aktiv læring for å skape ei meir variert undervisning og auke elevane sin motivasjon og trivsel. Elevar lærer på ulike måtar, og ved å ta deler av undervisninga ut av klasserommet kan ein bidra til at fleire elevar får auka læringsutbytte.

Lærarkollegiet har hatt jamlege samlingar med ressursperson Tom Wergeland frå SEFAL gjennom heile perioden. Me har jobba med korleis me kan bruke fysisk aktiv læring



Klarar eg å hugse namna på dei geometriske figurane me har lært om denne veka?



Lærarane har fått i oppdrag å lage praktiske oppgåver der ein arbeider med koordinatsystemet og kroppen samstundes.

for å nå kompetansemåla i dei ulike faga. Mellom samlingane har lærarane prøvd ut læringsaktivitetar i eigne klassar og delt erfaringar frå desse i fellestid. Ein av lærarane har hatt redusert undervisning kvar veke for å drive arbeidet framover. Dette har vore ein føresetnad for å kunne halde trykket oppe. Skulen fekk ei fantastisk flott FAL-utstyrspakke i gåve frå SEFAL og denne bidrog til å auke kreativiteten vår i høve til å finne på nye og spanande aktivitetar.

Skulen ser på samarbeidet med SEFAL som svært vellukka, og er glade for at me fekk midlar som gav oss høve til å auke kompetansen vår.

Blåklokke – ny barnehageavdeling ved Luster oppvekstsenter

I løpet av vinteren 2022 vart det klart at me trong ei tredje, mellombels avdeling i barnehagen. Barnehagen var allereie full, og derfor vart ei samlokalisering med skule og SFO løysinga.

Sjølv om me kunne klare å finne nok areal i skulen, måtte det ein del endringar til likevel. Me måtte flytte veggar og dele opp rom for å få på plass nye garderobar og fleire toalett. Ein del av sløydsalen måtte ofrast for å få på plass eit toalett i grovgarderoben, og det måtte byggjast heilt ny inngang på baksida av skulebygget. Uteområdet måtte planerast og arbeidast med for å få på plass eit huskestativ, køyrbar tilkomst og flytting av sandkassa. Skur og kassar til uteleikar måtte på plass, gjerde, grinder og nye bord og benkar. Alt dette

vart gjennomført av dyktige kommunearbeidarar og andre innleigde entreprenørar i løpet av nokre få, hektiske sommarveker.

Måndag 15. august kunne me opne Blåklokke med brask og bram! Og nesten alt utstyret på plass! Dei 14 barna som starta i august, auka til 19 barn i løpet av vinteren 2023. I tillegg er det 7 elevar på SFO. Når alle er inne til same tid, blir det hektisk! Mykje nytt kan skape kaos, og då var det veldig godt at dei tilsette kjende kvarandre godt og etter kvart fann fram til nye, gode rutinar og struktur for dagen.



Grovmotorisk uteleik i oktober. Bilete illustrerer kvar den nye avdelinga ligg.

Det beste

Det beste med ny avdeling er at me kunne takke ja til barn som elles ikkje ville fått plass i barnehagen vår, og at barn og føresette er fornøgde. Blåklokke og skulen har fått god kontakt og eit tettare samarbeid sidan dei er berre ei dør unna kvarandre. Barna leikar særleg fint ute oppi buskane, eller skogen som dei likar å kalle det. Den nye huska er også populær, og dei lagar seg butikkar, kaféar, hus og anna av ymse udefinerbart leikemateriell. Skuleelevarane og Blåklokke leikar ofte saman ute. Inne leikar dei godt i alle krikar og krokar med bilar, togbane, utkledning, rolleleik og diverse bordaktivitetar.



Glad leik i den nye fugleredehuska. Huska er særslig populær heile året!



Uteleik om vinteren. Det var ofte kaffi å få kjøpt viss ein hadde turen forbi.



Samling i den smale og lange fingarderoben. Solveig har alle si merksemد.



Uteleik med laftestokkane. Den nye uteplassen med asfalt er god å ha når ein vil bygge seg sitt eige, solide hus!

Noko var betre før...

På same tid kan dei tilsette sakne kvardagen der alle avdelingane var samla på same område. Det er vanskelegare å sjå og høyre kva dei andre held på med av aktivitetar, og dermed har «dei og oss» vorte flytta frå å vere «dei på skulen

og oss i barnehagen» til å bli «dei i barnehagen og oss på Blåklokke». Romma våre kan opplevast litt trонge når alle er her og grovgarderoben er full av regnkle, gummistøvlar, vinterdressar, luer, vottar og vintersko. Det har vore viktig å dele i mindre leikegrupper

for å senka støynivået på avdelinga, men ideelt sett skulle fingarderoben vore litt mindre lang og smal. «Me hadde eit slott på Søtekruise. Det saknar eg no», seier Sigurd. Blåklokke vil halde fram som mellombels avdeling også i 2023-24.



Byggjepериode: nytt, overbygd inngangsparti på baksida av skulebygget.



Ny tilkomst til Blåklokke-avdelinga slik at føresette kan nå alle avdelingane frå same parkeringsplass.



Lokal entreprenør i gang med å lage ny, flott mur langs den nye tilkomstvegen.

Tre nye leiarar innan oppvekst

I forkant av nytt barnehage- og skuleår vart det før påske lyst ut tre faste stillingar som leiarar i oppvekstsektoren i Luster; styrar i Gaupne barnehage, rektor/styrar ved Indre Hafslo oppvekstsenter og rektor/styrar ved Skjolden oppvekstsenter. Totalt kom det inn åtte søknadar, og det var minst to søkerar til kvar av stillingane. Det var både eksterne og interne søkerar.

Tilsetjingsprosessen med intervju er no gjennomført, og det er med glede dei tre nye leiarane no kan presenterast. I samband med tilsetjingane uttalar kommunalsjef oppvekst Knut Åge Teigen: «Eg er godt

nøgd med at leiartilsetjingane no er på plass. Det har vore solide kandidatar til leiarstillingane. To av dei tre som er tilsette er røynde leiarar frå før og så er det ein litt ferskare leiar. Dei tre vil kvar på sin måte utfylla og bidra i det allereie gode leiarlaget i Lustraskulen og Lustrabarnehagen. For einingane har det vore viktig å få avklart desse leiarstillingane. No har me høve til å avrunda inneverande barnehage- og skuleår på ein årreit måte og ha litt betre tid til å førebu oppstarten til hausten. Eg ønskjer Heidi-Karin, Anne Merethe og Elling hjarteleg velkommen med på Lustralaget.»



“*Eg er godt nøgd med at leiartilsetjingane no er på plass. Det har vore solide kandidatar til leiarstillingane*



Rektor/styrar Skjolden oppvekstsenter

Anne Merethe Feigum er tilsett som rektor og styrar ved Skjolden oppvekstsenter frå 1. august 2023. Inneverande år har Feigum hatt stillinga som assisterande styrar/rektor ved oppvekstsenteret. Tidlegare har Feigum vore styrar ved Gaupne barnehage i fleire år og rektor/styrar ved Luster oppvekstsenter 2014/15. Feigum har gjennomført den nasjonale leiarutdanninga for barnehagestyrarar, og ho har vidareutdanning i

matematikk 1.-7. trinn og i grunnleggjande lese- og skriveopplæring. Om den nye stillinga og overgangen frå assisterande styrar til rektor/styrar seier Feigum: «No har eg fått vore eit år ved oppvekstsenteret og blitt kjent med barn, elevar og tilsette. Det har gitt meirsmak. Gler meg til å vidareutvikla oppvekstsenteret saman med dei tilsette og foreldra. Det vert også fint å koma innatt i leiargruppa i kommunen.»

Rektor/styrar Indre Hafslø oppvekstsenter

Elling Bjarneson Venjum er tilsett som rektor og styrar ved Indre Hafslø oppvekstsenter frå 1. august 2023. Han er utdanna master i læring og undervisning og har til saman åtte års erfaring som lærar frå Torvmyrane skule og frå Kvåle skule. Venjum har også erfaring som trinnansvarleg og som IKT-ansvarleg/IKT-ressurslærar. Inneverande år har Venjum hatt 60% stilling ved

Kvåle skule og 40% stilling ved HVL der han har undervist i pedagogikk og elevkunnskap i grunnskulelærarutdanninga og i profesjonsfagleg digital kompetanse. Om den nye stillinga som rektor/styrar seier Venjum: «Eg ser fram til å bli kjend med nye kollegaer, og ta tak i ein ny og spanande kvardag på oppvekstsenter i eigen heimkommune.»



Styrar Gaupne barnehage

Heidi-Karin Teigen Njøs er tilsett som styrar i Gaupne barnehage frå 1. august 2023. Inneverande barnehageår har Teigen Njøs vore konstituert i styrarstillinga.

Tidlegare har Teigen Njøs mange års erfaring både som styrar og assisterande styrar ved ulike barnehagar

og oppvekstsenter. I tillegg har ho gjennomført den nasjonale leiarutdanning som barnehagestyrar. Sjølv uttalar ho i samband med tilsetjinga: «Eg har hatt eit inspirerande år som konstituert leiar, og eg gler meg til å vidareføra arbeidet for ein god barnehage saman med resten av laget i Gaupne.»

Nyt tilsett på helsestasjonen

Eli Ruud (til venstre) er helsesjukepleiar og vart tilsett i fjor. Etter ein svangerskapspermisjon var ho tilbake i januar dette året.

Lill Hege Stølen (til høgre) er sjukepleiar og er tilsett i eit vikariat fram til februar 2024.

Vi ynskjer dei velkomne til oss!



Ungdomsklubbane

Ungdomane i Luster har lenge ynskt seg ein stad der dei kan henge. No har dei endeleg fått det dei ynskja seg. I vinter opna det to nye ungdomsklubbar i Luster, ein på Hafslo og ein i Gaupne.

Ungdomane har gjort ein stor innsats i utforminga og oppussinga av lokala. Det har vore fleire dugnader der både

ungdomane og føresette har gjort ein fantastisk jobb. I tillegg har begge ungdomsklubbane eit ungdomsstyre som har avgjort korleis klubbane skal sjå ut, og dei har vore mykje involvert i oppussinga av lokala. Ungdomsstyret er òg med på å avgjere kva som skjer på klubbane og korleis dei skal vera.



Det er alltid stor aktivitet rundt bordtennisbordet på ungdomsklubben.



Ungdomane gjorde ein skikkeleg bra jobb med oppussinga, og lokalet vart veldig kult.

På ungdomsklubbane kan ungdomane mellom anna spele bordtennis, Playstation, dataspel, brettspel eller berre henge med vene. Begge klubbane er opne ein gong i veka. Meir informasjon om kva som skjer på ungdomsklubbane og opningstider finn du på:



Ungdom_i_luster



Ungdomsklubbane
i Luster

Rocket-Man Luster

I 2023 skal det startast opp ein avdeling av konseptet Rocket-Man i Luster. Dette er eit alternativt fritidstilbod for ungdom med fokus på meistring, tilhørsle og tryggleik. I Rocket-Man får ein moglegheit til å vere med på mange ulike spennande aktivitetar ilag med andre ungdomar og unge vaksne. Me hadde i april besøk av dei som starta konseptet. Der fekk me høre historia bak og deira erfaringar. Dette vart ein sterk og fin dag for alle som var med.

Ønskjer du å bidra i Rocket-Man Luster? Me treng trygge vaksne og aktivitetsguidar!

Aktivitetsguidar:

Unge vaksne (ca. 18-30 år) som vil vere med på ulike aktivitetar saman med ungdom vekentleg – både fellesaktivitetar og individuelle aktivitetar.

Trygge vaksne:

Frivillige som vil bidra med det dei ønskjer – köyre til aktivitetar, lage mat, bidra i planlegging m.m.



Ta kontakt på
luster@rocket-man.no ved spørsmål eller ønskje om å bidra!

For meir informasjon sjå:
www.rocket-man.no



Rocketmanluster



Rocket-Man Luster

Ferieaktivitetar – vinter 2023

I vinterferien vart det arrangert fleire spennande aktivitetar for 4.-10. trinn i kommunen. For 8.-10. trinn var det ein lågterskel topptur som stod på programmet. Turen gjekk til Leirdalen og oppover mot Grøndalseggi. Det var flott vær og mykje god snø. Deltakarane hadde moglegheit til å låne seg toppturutstyr frå Luster Turlag.

Dei to andre dagane var me i Sogn Skisenter. Det var ein dag for 4.-5. trinn og ein dag for



Gjengen samla før artig skikøyring!

God stemning med grilling i grillhytta!



Toppturgjengen i godt driv!



Politiet er på plass med fartsmålar!

6.-7. trinn. I skisenteret var det flotte skiforhold og me hadde besøk av politiet som stilte med lasermålar. Då gjekk det unna! Mange tøffe skikøyrar fekk testa farta si. Til slutt blei det serverte pizza i kaféen som ei avslutning på ein bra dag.

Arrangørar: Luster kommune, Luster Frivillighetssentral, Luster Turlag og Sogn Skisenter. Støtta økonomisk av Vestland Fylkeskommune.

Stolpejakta 2023

Stolpejakta i Luster 2023 er no i gong! I år er det 100 stolpar spreidd utover i kommunen. Det er i 2023 eit samarbeid mellom Hafslo IL, Veitastrond IL, IL Bjørn, Luster IL og IL Fanaraak, samt Luster kommune. Stolpejakta er eit gratis lågterskeltilbod for alle. Her jaktar du stolpar i ditt nærmiljø og du kan sjølv velje om du vil gå, sykle eller springe for å finne stolpane. Mange av stolpane kan du også kome fram til med rullestol. Det er ein flott moglegheit til å bli betre kjend i Luster kommune – anten om du bur her eller er på besøk. Last ned appen «Stolpejakten» i App Store eller Google Play og bli med. God stolpejakt!

Følg med på www.stolpejakten.no og på Facebook: «Stolpejakta i Luster» for oppdateringar!

S STOLPEJAKTEN
LUSTER

Gåve til Luster kommune

Skulen og Samfunnsbygget på Hafslo har fått ei unik samling med antikvitetar som me har stilt ut i kantina i fellesbygget og i vestibylen i samfunnshuset. På skulekjøkenet har me stilt ut framskåp med ulikt kjøkkenutstyr og ei hylle med flotte bollar og fat i porselen og flint. Kommunen, ved eigedomsavdelinga, kjøpte inn flotte låsbare glasmonter slik at me kunne stille ut dei fleste gjenstandane. Dei største tinga, som t.d. rosemåla kister, står utstilt i rommet. Alle tinga er merka med namn på gjenstanden og kor den eventuelt kjem frå. Dei som nyttar seg av lokala utanom skuletida må ta seg tid til å stoppe opp ved utstillingane og sjå historia som ligg bak i gjenstandane.

**Tusen takk til Jenny
Malene Kvam og hennar
familie for ei fantastisk gåve til
Hafslobygda.**



Diverse gamle gjenstandar gitt som gåve til Luster kommune ved Hafslo barne- og ungdomsskule.



Peder Edvard Kvam (Per L. Kvam) «Feiaren» - fødd 04.11.1921 var tilsett i Luster kommune mesteparten av sitt yrkesaktive liv, mellom anna som feiar. Han farta då rundt i heile kommunen.

Han hadde stor interesse av gamle ting og gjenstandar, og gjennom sitt arbeid kom han over mykje. Ein del fekk han av personar som visste at det vart teke vare på, og ein del kjøpte han. Han var og ivrig på auksjonar, og ein del av gjenstandane er kjøpt der.

Då Jenny flytta på Hafslo omsorgssenter vinteren 2021, og seinare bestemte at ho ville selje eigedomen på Skjervo, sto familien overfor eit val. Kva gjer me med samlinga av gamle gjenstandar? Ein del vart gitt til etterkomrarar, men det var likevel mykje att.

Det kom forslag om å gi det til Hafslo barne- og ungdomsskule, og det tykte Jenny var eit godt forslag og slik vart det. Mesteparten av gjenstandane stammar frå Luster kommune, og at samlinga vert verande i kommunen set Jenny og familien stor pris på. Det hadde nok «feiaren» likt òg.

Jenny og familien håpar samlinga kan vere med å fortelje litt lokalhistorie, gje elevane litt kunnskap om eldre tider og kva ulike verkty vart nytta til.

Luster Fritidsfond



Alle barn har rett til ein god oppvekst, med ei meiningsfull fritid der dei kan kjenne på meistring, trivsel og fellesskap. Dessverre er det stadig fleire barn som opplev at dei ikkje kan delta på fritidsaktivitetar og vert ståande på sidelinja av ulike årsaker. Økonomi kan vere ei årsak til at nokon ikkje kan delta.

Status søknadar

I løpet av året 2022 utbetalte Luster Fritidsfond støtte til 62 søknadar og til no i 2023 er det 27 søknadar som er blitt utbetalte. Desse har m.a. gått til medlems- og treningsavgift til ulike aktivitetar, inngangsbillettar til Lustrabadet og klippekort i Sogn Skisenter. Det er viktig for barn å vere med der andre barn er slik at dei kjenner seg inkludert og får vere med i eit fellesskap. Andelen av barn som veks opp i låginninktsfamiliar er aukande i Noreg. Slik er det også i kommunen vår. Kjenner du nokon som har lyst til å vere

med på ein fritidsaktivitet, men ikkje har økonomi til det, kan Luster Fritidsfond vere til hjelp. Alle lag og organisasjonar, kommunale tenester og Sogn kulturskule kan søkje om støtte på vegne av barn og unge som bur i Luster kommune.

Kva kan du søkje om støtte til?

- Medlemskontingent
- Lisens
- Trenings- og aktivitetsavgift
- Eigenandel for turar, leiarar og cupar
- Fleksibillett i Lustrabadet
- Klippekort og dagskort i Sogn skisenter

Leiar/trenar

Me oppmodar alle leiarar/trenarar til å nytte denne flotte ordninga. Søknadsskjema finn de på heimesida til kommunen under kultur, idrett og fritid-Luster fritidsfond. Dei ulike lag/organisasjonane må sjølve informera medlemmane sine om kven dei skal ta kontakt med og korleis dei skal gå fram. Me treng dykkar hjelp til å få alle med

Meir informasjon om Luster Fritidsfond finn de under kultur, idrett og fritid på heimesida til kommunen. Har du spørsmål, ta kontakt med sekretæren for Fritidsfondet:
Marte Kvisterø Krogstadmo
E-post: Luster.fritidsfond@luster.kommune.no



Eldredag for 60+

Set av datoен fredag 29. september, på Eikum hotell.
Meir info kjem om program og påmelding.

Frivilligsentralen



Brukbutikken på Pyramiden senter

Brukbutikken blir drifta av Luster frivilligsentral i samarbeid med 18 frivillige.

Inntektene går til ulike aktivitetar/arrangement, i kommunen vår, i regi av Luster Frivilligsentral eller gjerne i samarbeid med andre organisasjonar.

I vinter gav me kr 10.000 i gåve til begge dei to nyoppstarta ungdomsklubbane i kommunen økonomisk støtte til «Juleglede i Luster».



Sommaraktivitetar for barn og unge

Luster frivilligsentral har søkt Gjensidigestiftelsen om økonomisk støtte til sommaraktivitetar og har fått tildelt kr. 200.000 til dette.

Frivilligsentralen i samarbeid med Luster kommune skal gjennomføre fleire dagar med ulike aktivitetar for barn frå 4.klasse – 10.klasse.

Tilrettelagt friluftsliv (Luster)

Tilrettelagt friluftsliv er eit samarbeid mellom NFU, Luster lokallag, Luster turlag og Luster frivilligsentral. Målsetjinga er å gje personar som har behov for tilrettelegging gode opplevelingar ute i naturen. Deltakarane må ha med følge/personale. Frivillige er med og tilretteleggjer aktiviteten. **Tilrettelagt friluftsliv** blir gjennomført den første onsdagen i månaden frå kl. 17:00–19:00.



Luster utstyrssentral

Udstyrssentralen held til i Pyramiden senter ved sida av brukbutikken. Her kan alle innbyggjarar i Luster låne gratis turutstyr, inntil ei veke om gongen.

Udstyrssentralen er open måndagar kl. 08.00–15.30 og torsdagar kl. 12.00 – 16.30. Ved innleving/utlån må ein avtale tidspunkt på førehand via Luster Frivilligsentral tlf 456 65 954.

På heimesida til Luster frivilligsentral kan ein sjå kva utstyr som er til utlån.

Det nye er også utleige av Packcraft – 2 oppblåsbare båtar. Her gjeld eigne utleigereglar.



Seniortreff 2023

Seniortreff for deg som bur heime er eit tilbod annakvar torsdag på **Gaupne omsorgssenter**.

På treffa er det sosialt samvær, underhaldning og balansetrenings, samt servering av varm mat.

Tidspunkt:

Torsdagar kl 10.00–14.00 på desse datoane:

- 14. september
- 28. september
- 12. oktober
- 26. oktober
- 9. november
- 23. november
- 7. desember

Eigenandel kr 150,- pr. gong.

Transport:

Det blir organisert transport for dei som har behov.

Påmelding:

Påmelding pr. telefon til 57 68 55 00 innan onsdagen før kl. 13:00.

Gratis symjeopplæring i regi av Luster frivilligsentral

Luster frivilligsentral fekk ei gâve på kr. 80.000 frå Avery Dennison Foundation Granting Wishes Fund. Pengane har gått til ulike arrangement i samarbeid med andre.

Frivilligsentralen har også arrangert gratis symjekurs hausten 22 og vinter 23. Det vart gjennomført 10 kveldar leia av dyktig symjeinstruktør, Katrin Lægreid Nes. I tillegg stillte det 6 damer frå Hafslo som frivillige på symjekurset. Kva skulle me gjort utan dykk? Tusen takk!



Eit kurs med mykje moro og latter. Underveis lærte mange seg å forhalde seg til elementet vatn utan redsle og fleire klarte etter kvart å symje/flyte.

Samarbeid med bruktbukkiken og SIMAS

I mai 2022 gjekk Luster frivilligsentral inn i eit tettare samarbeid med SIMAS. Det vart underteikna ein intensjonsavtale der målsetjinga med avtalen var å få auka fokus på ombruk. På miljøstasjonen vart det plassert ein container der ting/møblar kunne setjast til side. Tanken var at frivilligsentralen kunne omsetje dette i bruktbukkiken deira.

Dessverre har ikkje dette fungert slik som ynskjeleg. Svært mange nyttar containeren til å kvitte seg med bosset sitt, noko frivilligsentralen etter kvart er lei av.

Det er lite motiverande å bruke ressursar og arbeidstid på å bære vekk boss og sortere dette i containerane på SIMAS.

På containeren står det to store plakatar med informasjon om kva bruktbukkiken tek imot/ikkje tek imot.

Me ber alle om å bruke containeren slik den er tenkt!

Eit hjartesukk frå bruktbukkiken

På bruktbukkiken vår jobbar det 18 frivillige som gjer ein fantastisk innsats.

Det blir levert utrøeg mykje fine ting og møblar til oss.

Dessverre er det nokon som brukar oss til å kvitte seg med bosset sitt, og det opplever me som lite hyggeleg. Det er ikkje alltid like lett for oss å gå gjennom det som blir levert og av den grunn blir levering basert på tillit. Me blir oppriktig lei oss når nokon misbrukar den tilliten!

Dette fører til at me må køyre bosset bort til SIMAS og betale for å levere bosset til andre.

På det verste har me brukt kr. 1500,- pr.mnd. for å levere andre sitt boss. Dette er pengar me kunne brukt til aktivitetar/arrangement for innbyggjarane i Luster.

Det er heller ikkje greitt at ein misbrukar dei frivillige i butikken og ikkje minst dei tilsette på frivilligsentralen som må bruke tid og ressursar på dette.

Den store klesbyttedagen

I april gjennomførte Luster frivilligsentral «den store klesbyttedagen» på Pyramiden senter i samarbeid med Luster Husflidslag og Hafslo Sewing Shop v/Inna.

Dette er andre gongen me arrangerer klesbyttedag. Eit vellukka arrangement der me fekk innlevert 223 plagg og det var bytta 91 plagg. Plagga som vart til overs vart innlevert til Fretex.

Luster frivilligsentral og bruktbukkiken vår ynskjer å ha fokus på ombruk, særleg klede som er ein versting med tanke på forureining.



Cami Dobrin

Fortel oss litt om deg sjølv

– Eg er illustratør og har jobba som frilans i femten år. Eg har studert kunst i Romania sidan eg var 12 år gammal. Å jobbe frilans gav meg moglegheit til å reise, og eg har budd i England, Portugal og Australia.

I 2020 flytta eg til Noreg på grunn av den vakre naturen og fantastiske fjordane. Men det som har halde meg her er menneska og kulturen.

Kvifor kom du til Luster?

– Med tida har jeg innsett kva som er viktig i livet mitt, og eg hadde bestemt meg for å flytte nærmare naturen og finne ein

plass jeg kan kalle heim. Medan eg leitte etter eit mikrohus, kom jeg over Torill Wilhelmsen som promoterte mikrohusbygda som opna i Skjolden i år. Området er ein av mine favorittar i landet. Det er meir enn eg drøynde om. Når eg først kom hit, falt alt på plass og eg flytta inn i mitt første mikrohus.

Kva er det beste med å bu i Luster?

– Ein av mine interesser er å vere utandørs, så plasseringa er perfekt for meg. Mange turstiar med fantastisk utsikt over fjorden, gjer Luster-området til den beste plassen å bu.

Kva kan Luster bli betre på?

– Eg har fortsatt meir å lære om området, men så langt har jeg slite med offentleg transport. Då eg ikkje køyrer bil, er det ikkje lett å koma seg rundt til einkvar tid. Eg er klar over at det er eit område med mindre folk enn i byane, så det er mindre etterspørsel etter transport. Men eg skulle likevel ynskje det var fleire ruter eller kollektivtransportmiddel.

Kanskje det er noko som vil være meir til nytte for meg personleg, fordi andre har sine eigne bilar, men eg trur likevel at det vil være gunstig for miljøet også.





Familien Fuglesteg Veiland

Fortel litt om dykk sjølve

– Namna våre er Evy, Stig, Anna og Live Fuglesteg Veiland. Evy er 33 år og oppvaksen i Luster. På grunn av studier blei det flytting frå Luster i 2009, og ho har stort sett budd vekke sidan. Ho har utdanning innan folkehelse og helsevitenskap. Dei siste åra har ho jobba både som miljøterapeut og lektor, og den 11. april i år starta ho i ny jobb som konsulent i Grandmo miljøteneste.

Stig er 34 år, og kjem frå Eidsvoll. Han er utdanna lærar og har dei siste 8 åra jobba på ein ungdomsskule med over 600 elevar. Frå august har han fått jobb som lærar på Indre Hafslo oppvekstsenter. Han er spent på overgangen frå svært stor til nokså liten skule, men ser fram til ein forandring og gler seg til skulestart.

Anna er 7 år og har byrja på Gaupne skule i første klasse. Der har ho komme godt inn i klassen og trives godt.

Live er snart 4 år og skal byrje i Gaupne

barnehage i august. Ho går for tida i barnehage på Luster oppvekstsenter. Der trives ho godt, men ho snakkar ofte om barnehagen ”sin” i Gaupne og er spent på å byrje der. Me har budd i Eidsvoll dei siste 8 åra, men me sette snuten vestover i påska. Me bur for tida på Høyheimsvik, men har nyleg kjøpt hus i Gaupne og flytter dit i løpet av sommaren.

Kvífor kom de til Luster?

– Me kom til Luster fordi heimlengselen til Evy blei for stor, og då hadde me andre ikkje noko val. Frå spør til alvor, så flytta me til Luster fordi me hadde eit ynskje om å leve eit anleis liv enn det me gjorde i Eidsvoll. Me ynskjer meir nærleik til naturen, bu i eit mindre lokalsamfunn, samt ha betre skular og betre oppvekstmiljø for jentene.

Kva er det beste med å bu i Luster?

Det at Luster er ein liten kommune har jo både fordeler

og ulemper, men etter å ha budd i Eidsvoll, som er ein kommune med stor og rask befolkningsvekst, så har me savna mange ting som ein finn i eit mindre lokalmiljø. Me har trua på at det lettare for ungane å etablera tette relasjonar og oppleve anerkjennelse i ei lita bygd enn det er i ei stor bygd, og det har stor betydning for å sikre ein god, trygg oppvekst. I tillegg har jo Luster ein heilt fantastisk vakker natur, og har mykje moglegheit til friluftsliv som er eit stort pluss.

Kva kan Luster bli betre på?

– Sjølv om det er mange som gjer ein fantastisk jobb i å reklamere for den flotte kommunen, så kan ein jobbe endå meir med markedsføring og promosing. Luster har mykje å by på, både for fastbuande og turistar, og det må fleire få vite om. Ellers så hadde det vore fint med ein kiosk, bensinstasjon eller liknande i Gaupne som er søndagsopen.

Hagestove og sykkelgarasje – Hafslø Omsorgsenter

ATS har fått i oppdrag å byggja kombinert hagestove og sykkelgarasje ved Hafslø Omsorgsenter. Bygget er om lag 25m² og er prefabrikert ved snikkar-lokala til ATS. Plasseringa vert i tunet ved hovudinngangen til omsorgsenteret, og snikkarane er no i ferd med å fullføra prosjektet.

Snikkargruppa produserer ulike småbygg i lokala ved den gamle brannstasjonen i Gaupne. Bygga kan gjerast heilt eller delvis ferdige innomhus og fraktast på plass ved hjelp av lastebil eller maskin-tralle. Lokala er godt tilrettelagt for å produsera mindre, flyttbare bygg, og snikkarane har det meste av verktøy og utstyr som skal til for å gjennomføra denne typen arbeid. I tillegg har snikkarane her passe arbeidstemperatur og slepp å ta omsyn til ver og vind under produksjonen.

Døme på prosjekt som ATS har ferdigstilt er boder, utestover, gapahukar, pumpehus, kommunikasjonsbygg, dokkestover, jaktbuer, større postkassestativ mm.

I noverande lokale kan dei produsera bygg på inntil 6,5 meter lengde og 3,0 meter breidd. Større bygg enn dette må produserast i deler og setjast saman på byggjeplass, slik som tilfellet no er med bygget ved Hafslø Omsorgsenter.

Bygget er frakta til Hafslø på kranbil og sett sammen på tunet ved omsorgsenteret.



Kjell Fuhr, Paul Fransen og Einar Blikra i arbeid med tretaket på den nye utestova. Bygget er laga som eit tradisjonelt trebygg, med impregnert tretak og kledd innvendig med kryssfiner.



Utestova og sykkelgarasjen står fint plassert i tunet ved hovudinngangen til omsorgsenteret. Snikkarane Kjell Fuhr og Paul Fransen er synleg nøgde med eige arbeid.

Nybygg og renovering ved ATS

Det er sett av midlar til nybygg og renovering av eksisterande bygningsmasse ved ATS. Førre større utbygging vart gjort i 2007-08, og verksemda har etter kvart «vakse ut av» lokalane sine. Planen er å betra arbeidsvilkåra for tilsette og medarbeidarane ved senteret. Det vert no lagt særleg vekt på utvida lokale for vaskeri, kjøkken og kantine, å få på plass garderobar og naudsynt ombygging og renovering av eksisterande bygningsmasse, samt legga til rette for vidare utvikling av tenestene ved ATS.

Kommunestyret sette i budsjettmøtet desember 2022 av 20,5 millionar til nybygg og opprusting av bygningsmassen ved ATS. Utviding og opprusting av bygningsmassen er naudsynt for å betra arbeidsvilkåra for dei ca. 50 personane som utgjer medarbeidarar og personalgruppe ved senteret. Noverande lokale for vaskeri og kantine er for tronge, kjøkkenet er trøgt og upraktisk organisert etter fleire påbyggingar, og garderobar er mangelvare.

Prosjektet inneholder eit nybygg på om lag 360m² samt renovering og ombygging av delar av eksisterande hovudbygg. I det nye bygget vil vaskeri saman med tekstilarbeidsplassar, faste og gode arbeidsplassar for ma. makulering, riving av tørkefiller etc. verta prioritert. I tillegg tenker ein å få på plass areal til kombinert salsutstilling, kaffikrok

og inngangsparti, eit lite treningsrom, møterom og eit par små grupperom, teknisk rom og naudsynte garderobar og toalett.

Planleggingsarbeidet har så langt teke utgangspunkt i skisseprosjektet som leiar og medarbeidarane ved ATS fekk utarbeidd i samarbeid med konsulent Arne Øyen vinteren 2021-22. Byggjeleiar Audun Torvaldsen er no kopla på prosjektet, og det er sett ned eigne arbeidsgrupper som skal jobba med ulike delar av utbygginga. Dette er viktig for å sikra god brukarmedverknad og finna fram til dei beste og mest framtidsretta løysingane. Vaskeri, kjøkken og treningsrom har alle fått utpeika eigne arbeidsgrupper. I tillegg vil innspel frå personalgruppa og medarbeidargruppa gje viktige bidrag til den vidare planlegginga.

Planen er å få gjennomført utbygginga i løpet av 2024 og 2025.

Det er trangt på vaskeriet til ATS. Teamleiar Anita Bøen i arbeid med tøy til tøring. Teamet på vaskeriet driv også rulling, strykning og diverse tekstilarbeid i arbeidsrommet ved sida av maskinhallen og pakkerommet.



Byggjeleiaren presenterte sine første skisser til nybygget ved ATS for personalgruppa på temadagen 23. mars. Personalgruppa ved ATS har ein viktig rolle i utforminga av nybygget. F.v. Kjetil Fardal, Anna Bergseth, Anita Midtun, Edel Skjærset, Anita Bøen, Jon Solhaug, Paul Fransen, Synne Lomheim Tang (elev), Amanuel Tekie (elev), Jane Engjom



Det vert no jobba med planløysingar som gjev plass til:

- Nytt vaskeri ca. 150 m².
- Universelt utforma garderober og toalett
- Treningsrom/aktivitetsrom.
- Felles møterom og treningsrom med teknisk drift.
- Minibutikk og sosial møteplass.



Audun Torvaldsen har byggjeleiaransvaret for nybygg og renovering ved ATS.



Gaupne sentrum plangrense.



Gaupnegrandane plangrense.

Reguleringsplanar Gaupne

Reguleringsplan Gaupnegrandane

Engasjementet rundt denne planen har som forventa vore stort og det har komme inn heile 17 innspel til planarbeidet etter varsel om oppstart. Området ligg lågt slik at havnivåstigning og stormflo er eit svært aktuelt tema for heile planområdet. Området er tidlegare utfylt i sjøen. Gaupnegrandane

er eit viktig næringsområde for kommunen og eit viktig mål med planen er å få utnytta ubebygd næringsareal best mogleg. Den såkalla «flystripa» langs Jostedøla er uregulert då dette området vart teke ut av planen då planen frå 1984 vart vedteken. Området mellom vegen ned i området og Engjadalselva vart regulert i 2016. Området grensar inntil og

omfattar to elver og fjorden. Her er det mange ulike omsyn som må takast – frå ynskje om å få fleire båtplassar i Gaupne, vinterlager for båtar på land, friområde og betre tilgang til fjorden for alle, finare sjøfront for besökande som kjem med båt og bevaring av den siste resten av naturleg elvedelta i Gaupne med tilhøyrande naturmangfold.

Det er flott at Ungdommens kommunestyre og eldrerådet har engasjert seg og sendt mange konkrete innspel som går på trivsel og tryggheit for mjuke trafikkantar. Området er sentrumsnært, er flatt med potensiale for universell utforming, grensar til elv og sjø og har dermed også stor verdi som nærturområde for både fastbuande og tilreisande. Parken ligg her som eit friområde og område for ulike arrangement. I den såkalla «Pulverskogen» har barnehage og skule etablert seg med eit mykke nytta leikeområde i skog.



“Gamle flystripa” er uregulert.

Fylkesveg 55 går mellom planområde, sentrum og byggefelt. Trygg tilkomst for både køyrande, syklande og gående er viktig. Avkøyringa til Gaupnegrandane og sentrum av Gaupne vert ikkje sett på i denne planen, men vert vurdert i den nye reguleringsplanen for Gaupne sentrum. Kaia er viktig for Gaupne og båtane som kjem med og hentar varer må ha nok manøvreringsrom. Konklusjonen er at det er mange ynskje og behov som skal takast omsyn til ved utarbeidninga av denne planen. Håpet er at eit første planutkast er ferdig til hausten.

Reguleringsplan Gaupne sentrum

Luster kommune står framføre store utbyggingsoppgåver i Gaupne sentrum i åra framover. Dette er m.a.

- Nytt Helsecenter
- Omsorgsbustader – etablering i noverande helsecenter skal vurderast
- Kulturbyg

Av viktige private utbyggingar kan nemnast at COOP planlegg nybygg / ombyggingar for si verksemeld i Gaupne.



Gaupne sentrum reguleringsplan.

Noverande reguleringsplan er frå 1998 og kryssløysinga ved RV55 er aldri vorte gjennomført. Som ein del av dette vil det vera viktig å få på plass ei framtidssretta trafikkløysing med ny avkøyring frå RV 55 til sentrum og Gaupnegrandane. Det vil også m.a. omfatta gang og sykkelvegløysingar til barne- og ungdomsskule og fritidsaktivitetar og ladestasjon for store køyretøy/ langtidsparkering for rute- og turbussar

Luster kommune har difor varsla oppstart av arbeid med

reguleringsplan for Gaupne sentrum.

Reguleringsplan Storåkeren

Som ein del av det store og omfattande reguleringsarbeidet som no skjer i Gaupne, har Luster kommune motteke forslag til detaljreguleringsplan Storåkeren. Dette er fyrste byggetrinnet i Grindane gbnr 81/35, og er fremma av grunneigar Botn Eigedom AS. Konsulent for planarbeidet er Norconsult AS, og fyrste forslag til planløysing er

*Reguleringsplan
Storåkeren.*





Øyagata plangrense.



Øyagata reguleringsplan.

vist under. Ein har vorte einige om nokre justeringar av plankartet slik det ligg føre, slik at dette må ikkje oppfattast som endeleg plan.

I skrivande stund er det knytt nokre utfordringar til sikring av flaum i planområdet, og vidare framdrift er noko usikker. Planen legg opp til minimum 29 bueiningar i ein miks mellom einebustader og meir konsentrerte buløysingar.

Reguleringsplan

Øyagata

Føremålet med planen er i utgangspunktet å betre trafikktryggleik gjennom ei oppgradering av Øyagata med etablering av fortau. Samstundes gjev reguleringsarbeidet ei moglegheit til oppdatere eldre planer til eksisterande lovverk og revidere gjeldande reguleringsplanar i området for å

tilpasse plankart og føresegner til å reflektere dagens situasjon.

Øyagata er inkludert i gjeldande reguleringsplan for Bruflat, vedteken 21.06.1995. Dette planområdet er i all hovudsak utbygd, men Luster kommune ser to behov som ein ønskjer løyst.

Fyrst og fremst ser ein behov for å utbetre dagens trafikksituasjon ved, blant anna, at det vert etablert fortau langsmed Øyagata og langs Gardavegen fram til barnehagen.

For det andre ser ein eit behov for å revidere gjeldande planer som er utbygd. Dette for å gjere tilpassingar til faktisk situasjon (både på kart og føresegner). Luster kommune ser seg tent med å gjere revisjonen av bustadfeltet sjølve, så dette er i stor grad tilpassing til eksisterande situasjon.

Reguleringsplan

Marifjøra – Marheim

Arbeidet med reguleringsplanen har vore utsett i påvente av dei arkeologiske undersøkingane. I medhald av kulturminnelova § 9 er fylkeskommunen plikta å gjennomføra arkeologiske registreringar i planområdet. Undersøkingane vert utført i månadsskifte mai/juni. Når Luster kommune har motteke resultatet frå undersøkingane vil kommunen ta stilling til det vidare arbeidet m.a. avgrensing av planområdet og framdrifta.

Marifjøra plangrense.



Revisjon av kommuneplanen sin arealdel

Status

Luster kommune jobbar med å revidere kommuneplanen sin arealdel. Planen skal vise korleis vi vil disponere areala i kommunen. Til dømes kvar ein skal bygge hus og hytter, kvar ein skal få drive næringsverksemd, kvar ein skal ha grøntområde og slikt. Den skal også sei noko om utforming – til dømes kor høgt og tett ein får bygge.

Vi har no meldt planoppstart og er ferdig med hovuddelen av medverknadsarbeidet. Framover skal me få handsama planprogrammet politisk og utarbeide plandokumenta. Dette inneber mellom anna konsekvensvurdering av endringsforsлага og dialog med

overordna mynde. Målet er å få lagt eit planforslag ut til høyring og offentleg ettersyn før nyttår.

Innspel

På nyåret 2023 arrangerte vi bygdemøte og opne kontordagar rundt i heile Luster for å informere om planen og få innspel. Det var veldig godt oppmøte på dei aller fleste stadene, og mange av møta varte lengre enn planlagt. Kanskje ikkje så rart med så god servering frå ATS, Lustrabui, Jostedal hotell og Fjordstova. Takk til alle som deltok.

Det var forskjellige ting i fokus på dei ulike møta. Tema som fekk merksemد på dei fleste stadene var: tilgang til bustadomter, betre parkering

i utmarksområde, betre tilhøve for mjuke trafikantar, fleire offentlege toalett i bygdene og opparbeiding av friområde. I tillegg fekk mellom anna bygging av barnehage på Hafslo, bruk av det offentlege området ved Døsi og mikrohusprosjektet i Skjolden særleg merksemد på dei aktuelle møta. Fristen for å kome med innspel til planen vart sett til 24. mars, og i alt kom det rundt 120 innspel, inkludert høyringssvar frå overordna mynde. Du kan finne referat frå møta på følgjande lenke: www.luster.kommune.no/arealdelen

Det aller meste som vart diskutert på bygdemøta er relevant for kommunen sitt arbeid, men ikkje alt kan følgjast opp i arealdelens. Vi vil følgje opp det som er hensiktsmessig i sjølve planen, og elles fordele det som må følgjast opp på andre stader. Dette kan til dømes vere innspel til trafikktryggingstiltak på fylkesveg som kommunen ikkje har mynde over, som må takast inn i trafikktryggingsplanen. Eller ting som allereie er i henhold til plan og berre må prioritert i budsjettet.



Nytt bygg for Orrhaug og Neshögdi vassverk.



Nytt avlaupsreinseanlegg Breheimsenteret i Jostedalen.



Nye filter på Hafslo vassverk.

Vatn og avlaup

Det er mange små og store tiltak som har blitt gjennomført innanfor vatn og avlaup det siste året.

Noko av det som har vore gjennomført er:

- Både Hafslo og Høyheimsvik vassverk har hatt ein betydeleg oppgradering, no sist utskifting av filter i reinseanlegget.
- Kommunen overtok frå nyttår eit nytt avlaupsanlegg og vassverk på Orrhaug og Neshögdi. Vassverket blir for tida oppgradert.

- Kommunen bygde nytt avlaupsreinseanlegg ved Breheimsenteret. Dette vart sett i drift før vårsesongen 2023.

- Det har vore ein omfattande gjennomgang av leidningsnetta i kommunen både i forhold til oppdatering av kart og framtidig utskifting. Dei reviderte kommuneplanane for både vatn og avlaup viser kva Luster kommune ønsker å prioritere fram til 2030.

Graveløyve:

Det er ofte spørsmål om når ein må søkje graveløyve. Dette svarar gjeldande va-norm på; Utførande er ansvarleg for at graveløyve og kabelpåvising er utført og godkjent før oppstart. Graveløyve skal vere i samsvar med retningslinjer for vegeigar kommunane (kommunale vegar), Fylkeskommunen (fylkeskommunale vegar) eller Statens vegvesen (riksvegar). Graveløyve skal innhentast ved all graving. Dette gjeld både i tettbygd strøk og utmark.

Utleigebygg til Avery Dennison NTP

Nokre har kanskje lagt merke til nybygget ved Avery Dennison NTP (AD NTP) på Gaupnegrandane som har reist seg i løpet av det siste året. AD NTP har på grunn av auka aktivitet fått behov for større plass, då dei veks ut av dei eksisterande lokala. AD NTP er Luster kommune sin største private arbeidsgjevar med om lag 170 tilsette. Grunna eigarkonsernet sitt ønske om heller å leige enn å eige bygg er det avtalt ei løysing der Luster kommune tek ansvar for å

etablere eit utleigebygg. Det er inngått ein langsigkt leigeavtale med AD NTP, som skal finansiere Luster kommune sine kostnader knytt til etablering av bygget.

Varehuset er på om lag 840m². I tillegg er det eit stort overbygd areal mellom eksisterande og nytt bygg på om lag 400m². Varehuset vil i hovudsak nyttast som lagerareal, men vil også innehalde garderobe- og kontorfløy i tillegg til eit prosess-areal. Det er stilt høge krav til brannsikkerheit,

og bygget skal mellom anna fullsprinklast. Den store takflata på nybygget vil nyttast til solcelleanlegg.

I september 2022 starta byggearbeida. Det er Nordbohus Sogn som er totalentreprenør. Ei rekke lokale firma i Luster og Sogndal har delteke i prosjektet som underentreprenørar, mellom anna maskinentreprenør Ole Mads Norenberg, Holen Installasjon, GK, AH Bygg og røyrleggjar Bent Vikøren. Sjølve stålhallen er levert av stålbygg-leverandøren Llentab.

I løpet av sumaren vil bygget være klart til å takast i bruk. Me håpar Avery Dennison med dette vil få eit godt og formålsteneleg bygg, som kan legge til rette for vidare vekst og utvikling av denne viktige verksemda i Luster kommune.

*Prosjekt- og byggeleiar
Ole Martin Brennsæter*



Utleigebygget er på om lag 840m².



Hovuddelen av bygget skal nyttast som lager.


Foto: Ole Martin Brennsæter

Utleigeleilegheiter i Bringebakkane

Tre av utleigeleilegheitene i Bringebakkane i Luster er under oppussing. Alle innvendige flater vert fornnya.

Leilegheitene får no open stove/kjøkkenløysning, samt total renoveret bad og eige vaskerom.

Utvendig er det plan om måling av trefasadar og mindre tiltak på uteområdet i løpet av sommaren.



Blomar frå eige drivhus

Teknisk drift fekk låne drivhuset til ATS til eit prøveprosjekt med framdriving av eigne blomar. Til tross for ein kald vår, ser det i skrivande stund ut som stemor er i rute til utsetting før syttande mai!





Gaupne klatrepark

Klatreparken i Gaupne blei i november 2022 stengt for bruk på grunn av pålagde utbetringer etter tilsyn. Det er Gaupne Bygdalag som formelt eig

parken og er ansvarleg for drift og vedlikehald.

I møte mellom bygdalaget og kommunen blei det avgjort at kommunen skulle oppgradere

parken med nye stolpar, sjekk av tauverk og fallunderlag. Arbeidet starta i februar og avslutta fyrst i mai.

Alle stolpar er levert ferdigbehandla av Sønnesyn Sag. Arbeid med tauverket samt utskifting av stolpar er utført av Fuglesteg Maskin AS i samarbeid med Luster kommune.

Oppgradering av Jostedal samfunnshus

Deler av Jostedal samfunnshus har etter nyttår gjennomgått ei oppgradering. Det er montert og sett i drift nytt ventilasjonsanlegg i samfunnsbygget. Bassengdelen er ikkje en del av oppgraderinga.

I samfunnssalen er det montert akustikkplater i himling og nytt eik parkettgolv. Vidare er det ny belysning i salen, på scenen og i rommet ved kjøkkenet.

Arbeidet starta i månadsskifte januar/februar og avslutta rett etter påske. Samfunnssalen var stengd i byggetida.



- Norconsult AS var prosjekterande for ventilasjon og elektro.
- Caverion AS var utførande ventilasjonsentreprenør.
- Luster Energi AS hadde elektroarbeidet.
- Fuhr Bygg AS hadde tømrararbeidet.

Nytt naturreservat – Buggestrondi naturreservat



Utsnitt av Buggestrondi naturreservat henta frå naturbasen.



Statsforvaltaren i Vestland tilrådde i 2021 frivillig skogvern av Buggastrondi i Luster kommune, forskrift om vern vart vedteke 16.12.2022. Naturreservatet på om lag 4 070 daa ligg i den bratte, vestvende sia mot Lustrafjorden, sør for Kinsedal. Skogen har svært viktige verneverdiar (A-område) av nasjonal verdi, og har ei utforming som peiker mot tørr kalkfuruskog. Buggastrondi har høge kvaliteter i både storlek og arrondering. Området dekkjer heile gradienten fra fjord til fjell (ca. 900 moh) langs Lustrafjorden og ligg i nærliken av andre verneområde. Floraen er artsrik, og det er registrert kravfulle marklevende sopp. Raudlista og truga artar er registrert, og det er potensial for å finne fleire. Føremålet med naturreservatet er å ta vare på trua, sjeldan og sårbar natur i eit skogsområde med svært viktige naturverdiar i Vest-Noreg. På den andre sida av Lustrafjorden for Buggastrondi ligg Luster allmenning naturreservat, som også er eit skogreservat. Buggestrondi naturreservat er det åttande naturreservatet i kommunen. I tillegg har Luster nasjonalparkkommune tre landskapsvernområde, eitt fuglefredningsområde og tre nasjonalparkar.

T.h.: Lind er eit edellauvtre, og trivst i varme lommer langs fjorden. Edellauvskog er mangefullt dekt i skogvernet i Vestland, og Buggestrondi vil gje eit verdifullt bidrag til å ta vare på naturmangfaldet i fylket. Lind kan ha betydning ”skjold” skildra i Snorre-Edda. Foto: Statsforvaltaren i Vestland v/ Maria Knagenhjelm.



T.v.: Buggestrondi i Luster er eit område frå fjord til fjell langs Lustrafjorden, sør for Kinsedalen. Rogna trivst langs fjorden. Namnet kjem frå det norrøne ”reynir” og betyr raud. Foto: Statsforvaltaren i Vestland v/Maria Knagenhjelm.



Frå venstre: Jan Landro (miljørådgjevar, Luster kommune), Åshild Ekrene (fagleiar landbruk og naturforvaltning, Luster kommune), Liv Byrkjeland (SNO-Breheimen), Anne Rudsengen (SNO-Jostedalsbreen), Eldrid Nedrelo (nasjonalparkforvaltar Jotunheimen og Utladalen), Trygve Snøtun (nasjonalparkforvaltar Jostedalsbreen), Aina-Elise Stokkenes Bolstad (nasjonalparkforvaltar Breheimen), Runar Hatlevoll (viltforvaltar, Luster kommune) og Anne Sigrid Kvam (rådgjevar landbruk, Luster kommune). På bilete mangla Arne Kristian Borger (skogbruksjef, Luster kommune), Håvard Øyrehaugen (rådgjevar landbruk, Luster kommune) og Marte Meland (naturforvaltar, Luster kommune frå 1. juli).

Den ”grøne gangen” på Rådhuset, eit unikt fag- og kompetansemiljø

På Rådhuset i Gaupne har ein lukkast med å få til eit velfungerande forvaltningsknutepunkt med felles kontorplass for nasjonalparkforvaltning, Statens naturoppsyn (SNO) og kommunal natur, miljø- og landbrukskompetanse. Fagmiljøet og samanlokaliseringa er sjeldan og blir ofte løfta fram som eksempel på eit velfungerande forvaltningsknutepunkt på landsbasis.

Nasjonalparkkommunen Luster har heile 15 verneområde som ligg heilt eller delvis innafor kommunegrensa, med tre nasjonalparkar, åtte naturreservat, tre landskapsvernombord og eitt fuglefredingsområde. Over 50 % av arealet i Luster kommune er verna.

I 2.etasje på Rådhuset ligg det som internt blir kalla «den grøne gangen». Her sit tilsette i kommunen som jobbar med landbruk, natur og miljø saman med statlege tilsette som forvaltar dei store verneområda. Luster kommune har delar av alle dei tre store nasjonalparkane Jostedalsbreen, Breheimen og Jotunheimen innanfor sine grenser. For kvar av nasjonalparkane er det to forvaltarar som er sekretærar for nasjonalparkstyra, alle med ein plassert i knutepunktet Luster. Statens naturoppsyn har også to stillingar med kontorplass i Gaupne. Dei har arbeidsområde både i og utanfor

verneområda i Luster kommune.

Kommunen har sjølv ansvar for forvaltinga av naturreservat og fuglefredingsområde. Det er unikt i norsk samanheng at det er så mykje kompetanse på natur og miljø i fleire forvaltingsorgan samla på ein stad. Dette gir høve til mykje læring, samarbeid og godt arbeidsmiljø.

Luster kommune har eigne fagfolk innan landbruk og skogbruk. Vidare har kommunen eigen naturforvaltar og viltforvaltar/fjelloppsyn, samt ein nyopprettet stilling som miljørådgjevar. Nasjonalparkforvaltinga jobbar med mange av dei same tema innanfor verneområda, noko som grunnlag for gode diskusjonar og samarbeid. Saman er me stolte av å vere ein del av nasjonalparkkommunen Luster!

Ta gjerne kontakt med oss ved spørsmål, eller om det er noko de ynskjer å formidle.

Nasjonalparkkommunen Luster har 15 verneområde:

- Jostedalsbreen nasjonalpark
- Breheimen nasjonalpark
- Jotunheimen nasjonalpark
- Nigardsbreen naturreservat
- Loi naturreservat
- Luster allmenning naturreservat
- Yngdalens naturreservat
- Ytamo naturreservat
- Bargarden naturreservat
- Drægnismorki-Yttrismorki naturreservat
- Buggestranden naturreservat (nytt frå 2022)
- Vigdalen landskapsvernombord
- Mørkrisdalen landskapsvernombord
- Utladalen landskapsvernombord
- Hafslvatnet fuglefredingsområde

100 år Gjertrud Lomheim



Den 19. mai var eg så heldig å bli invitert til 100 årsdag til Gjertrud Lomheim. Dagen vart feira i aktivitetstova på omsorgssenteret i Luster. Det var dekka til fest med familie, slekt og vener som gjester.

Gjertrud er fødd på Flikki i Luster, eit lite steinkast frå Luster omsorgssenter. I ein syskenflokk på 3 var Gjertrud i midten, ein eldre bror Andreas og ein yngre bror Knut. Mor til Gjertrud var jordmor i Luster i over 42 år, Gjertrud fortalte fleire historiar om dette. I all slags vær og føre måtte jordmora ut på oppdrag, med båt over fjorden og opp på avsidesliggende stader utan

vegtilkomst. Me vart samde om at mykje her i samfunnet har endra seg på desse hundre åra. Den 27.juli i 1950 vart Gjertrud gift med Anton Lomheim. Anton kom frå Lomheim på Hafslo. Saman fekk dei 4 born, Inger Marie, Gerd, Per-Ivar og Arve.

Familien til Gjertrud har vakse seg stor, i dag er det 7 barnebarn, 7 oldebarn og heile 9 tippoldebarn. Det yngste oldebarnet er ein månad gamal, så me kan seie at det vart nesten 100 år mellom den yngste og den eldste som var på jubileet.

Gjertrud arbeidde i mange år på Sjukestova, det hadde vore ein framifrå arbeidsplass og ho hjelpte til med ekstravakter der i mange år etter ho vart

pensjonist. Gjertrud fortalte livleg om arbeidet på Sjukestova, ofte når ho sat nattevakt og det var roleg på avdelingane fann ho fram heklenåla. Alle dukane som låg på dei store borda på aktivitetstova er det Gjertrud som har hekla, det var eit imponerande arbeid. Gjertrud er utruleg sprek og lett på foten, kaffikopp og kakefat ber ho sjølv over golvet i ein fei. Gjertrud budde heime på Flikki til ho passerte 97 år, då flytte ho ned på Luster omsorgssenter.

Luster kommune vil gratulere Gjertrud Lomheim med 100 årsdagen.

*Ivar Kvalen
Ordførar*

Helsestasjonstjenester på HELSENORGE

Luster helsestasjon har teke i bruk DigiHelsestasjon. Det gjer det mogleg å kommunisere med helsestasjon- og skulehelsetenesta på nett. På ein trygg og sikker måte

kan innbyggjar sende og motta meldingar, få oversikt over avtalar, informasjon om konsultasjonar og få tilgang på relevant informasjon. Innbyggjar brukar tenestene ved



å logge inn på *helsenorge.no*. Helsepersonell administrerer avtalar og meldingar i den elektroniske journalen.

Skogshogst og skogplanting i Luster kommune – ein skogeigar sine røynsler

Ovanfor Marheimsgjelet, på venstre side når ein kjem frå Gaupne bur Per Åge Marheim Øygard. Garden ligg fint til med utsyn mot Råum og Gaupnefjorden og har adresse Sviggaplassane. Vi har snakka med han om korleis det er å vere skogeigar og avverke og plante skog oppatt.

Denne dagen er Marheim Øygard i gong med vedproduksjon. Han har med seg faren, Rolf Øygard, og saman lagar dei ved for sal som dei tørker i notsekkar. Bruket har han drive i 20 år, og tidlegare eigar var onkel til mora, Johannes Marheim. I tillegg slår han 70 daa og lagar rundballar som vert selde.

Kva er ditt forhold til skogbruk før du starta opp med hogsten?

Eg har agronomutdanning frå dåverande Mo jordbrukskule i 1996. Der vi fekk vi i skogbruksfaget opplæring i teori og gjentekne praktiske øvingar i driftsteknikk. Eg og ein studiekamerat arrangerte dessutan ein skogdag som temaoppgåve. Dette lærde eg mykje av. Eg arbeidde dessutan



Arealet som vart hogd med hogstmaskin frå fuglen sitt perspektiv.



ei stund med tynningshogst hjå Knagenhjelm på Kaupanger. Så er det vedproduksjon som du ser no.

Kva fekk deg til å hogge akkurat i 2021 og korleis gjekk du fram?

Eg vart kontakta av dåverande skogbruksleiar i AT-skog, Ynge Lommerud, og etter den samtalens tok eg avgjerd om å hogge. I ettertid ser eg at det hadde vore betre lønnsemd i å vente eit år, men det er jo

Skogeigar Per Åge og faren Rolf ved tørkeoverbygget for veden. Skurlast er lagra her no.

umogeleg å vite. Tømmerprisen varierer jo over tid og er den enkeltfaktor som har mest å seie for det økonomiske resultatet. Eg er likevel ganske fornøgd, prisene var bra i 2021 og. Det er klårt at mykje av verdien går til hogstlaget, men ein sopass stor drift kunne ikkje eg teke meg av på eige hand.

Marheim Øygard har ikkje skogbruksplan på eigedomen (planane i Luster er over 20 år gamle. red) men det viste seg raskt at hogsten måtte delast i to. Det brattaste arealet vart hausta med taubane og her stod det ca. 1000 m³ med gran. Resten av tømmeret, ca. 2000 m³, og gran vart teke ut med vanleg skogsmaskin og lassberar. Granskog er vanlegvis mogen for host ved 70 års alder. Det er eit tilskot for hogst med taubane sidan det gjev høgare driftskostnadar enn vanleg maskindrift og dette driftsopplegget er og å rekne som miljøvenleg hogst.

På spørsmål om det var mykje administrativt arbeid i samband med uttaket og seinare plantinga svarar Marheim Øygard at det ikkje vart det. «Mykje har gått på å anten svare ja eller nei på ulike spørsmål frå skogbruksleiar i At-skog som stod for drifta eller skogforvaltninga ved kommunen som følgjer opp på tilskotsforvaltinga og lovverket».

Marheim Øygard framhevar vidare at han følte at han hadde å gjere med seriøse aktørar. Det gjeld både Eikås skogsdrift og Rørvik taubanedrift som var hogstentreprenørane som At-skog hadde med seg. Så får det heller vere at taubana vart plassert midt ute på innmarka,



Vedproduksjon - hogstarealet med taubanedrift bak.

og alt baret og alle toppane vart liggende att etter dei, noko som kravde ein del opprydding av han sjølv.

Jf. lovverket skal hogst areal føyngast med same produserande treslag eller betre enn det som stod der før, korleis har plantinga gått?

Ca. 22.000 graner vart planta ut i 2022. I gjenomsnitt sette plantegjengen til At-skog (same som kjøpte tømmeret) ut 250 graner per dekar. Samfunnet sponsrar skogplanting med 50% i tilskot, dessutan er det kommunalt tilskot. Resten, eigendelen har eg nytta skogfondet til å finansiere. Marheim Øygard seier at nokre av skogplantene har fått eitt gulaktig farge i det grøne.

Då kan intervjuaren opplyse om at det er viktig å følgje med på skogsplantene etter plantejobben er utført, og i nokre gongar erstatte dei som

dør ut med nye planter, såkalla suppleringsplanting.

Vi kan dessutan opplyse skogeigaren om at dei vanlegaste grunnane til avgang er i gjeldene rekkefølge, tørke, gransnutebiller, vassjuk jord og frostsksader. I einskilde område kan ein registrere beiteskade på skogplantene. Det er dessutan viktig for tilslaget korleis dei vert teke vare på etter uttak frå kjølelager.

På spørsmål om det er nokre råd han kan gje andre med planlagd hogst i framtida svarar Marheim Øygard: «Hopp i det – er skogen hogstmoden er det berre å ta kontakt med profesjonelle aktørar» før han går tilbake til arbeidet med veden.

Så går det nye 70 år før skogen på Svingaplassane er hogstmogen. Det verkar som om stell og oppfølging elles er i dei beste hender.



Lustramarknaden 2023

Lustramarknaden gjekk av stabelen laurdag 10. juni.

I år har me jobba med ny plassering og organisering av marknaden med nytt marknadsområde framføre Pyramiden og Lustrabadet. Det var jo ein viss risiko å tenka nytt når tradisjonen med plassering har vart i nærmast 40 år.

Våre samarbeidspartnerar Pyramiden og Lustrabadet, hovudsponsorar Luster kommune, Luster Sparebank og Avery Dennison NTP var positive og sa at dette hadde dei tru på, det betydde mykje for arbeidet vidare.

Så me vil gjerne takke alle som var involverte for at dei hadde trua og var positive til nye idéar.

Tilbakemeldingane etter marknaden er udelte positive.

Vårt fokus frå dag ein har vore å skape den gode, gamle marknadskjensla og ha eit grønt fokus. Me valde å kutte ut tivoliet og heller skape tradisjonsaktivitetar for born der alle kunne delta, uansett økonomi, og foreldra kunne ta del





i marknaden, samtidig som ungane koste seg. Blomsterbukettar på alle bord var òg ein slik ting som kanskje ikkje alle tenkte over, men for oss var det ein viktig del som er med på å gi den gode kjensla.

Tusen takk til alle besøkande som tok turen og takk til alle flotte utstillarar som

skapte marknaden ilag med oss! Og uten alle dei snille folka og frivillige laga i lokalsamfunnet som har bidrege undervegs hadde dette ikkje vore muleg å få til.



Tusen takk til alle besøkande som tok turen og takk til alle flotte utstillarar som skapte marknaden ilag med oss!



vaktservice, Røde kors, nattugler og politi under heile arrangementet! Me hadde ca 1000 personar innom parken fredag og 900 laurdag. Fått mykje positive tilbakemeldingar – og det var god stemning under konsertane! Mange kosa seg på festivalcamp på Sandvik camping, før dei kom ned i parken! Det var mykje folk på dansegolvet begge kveldar! Arrangørane er kjempe fornøgte med helga, og har smått begynt å planlegge neste års festival!



Å arbeide med ernæring er å arbeide helsefremjande

Eg heiter Adelheid og vart tilsett som Klinisk ernæringsfysiolog (forkorta kef) i Luster kommune, som ein del av ei styrkinga av kommunens helsetilbod. Som kef er eg autorisert helsepersonell med master i klinisk ernæring og har kunnskap om utredning, diagnostisering, behandling og førebygging av ernæringsrelaterte sjukdommar og tilstandar.

I 2016 var det berre 6 kef'ar

Norge (Ernæringskompetanse i helse- og omsorgstjenesten).

Omsorgstenesta i Luster har over tid arbeidd med vidareutvikling av kvaliteten og systema innan områda mat, måltid og ernæring – og dette er eit av satsingsområda i den nasjonale reforma Leve heile livet. Ved starten i stillinga var hovudoppgåva oppfølging av ulike tiltak som var sett i gang

I dag arbeider eg meir tværfagleg og har til dømes undervisning i barselgrupper og oppfølging av personar tilvist frå fastlegar og anna helsepersonell.

Ei tilvising til meg går via fastlege eller anna helsepersonell i kommunen og eg kan kontaktast via e-post eller telefon for spørsmål
(adelheid.fretland.standal@luster.kommune.no,
 tlf. 94802751).

Det er eit stort fokus på ernæring kommunalt fordi eit sunt og variert kosthald er avgjerande for å oppretthalde god helse og førebyggje sjukdom. Mat gir kroppen naudsnyt drivstoff og byggjeklossar slik at vi kan fungere optimalt i kvardagen. Mitt arbeid som kef i kommunen inneber å støtte innbyggjarar i alle aldrar og med ulike behov, for å sikre god ernæringsstatus og livskvalitet – eit givande arbeid.

Når er det behov for klinisk ernæringsfysiolog?

Hjelpe med kosthald er eit ernæringsbehandling er av stor betydning for mennesker i ulike livsfaser og ved sykdom. Her er noen av fagområdene kliniske ernæringsfysioter jobber innenfor:

Svangerskap/barsel

- Svangerskap
- Stillingsstabilitet
- Helseforetak
- Helseforetak
- Sykehus
- Barnehjem
- Barnehjem og skole

Sped- og småbarn

- For litig fødsel (preterm)
- Mag- og tarmproblemer
- Matfattig stillingssyktid
- Matfattig tarmproblemer
- Akuttmatig matavhengig
- Spesialmat
- Matverntips
- Overgang fra kosthald til mat

Ungdom

- Mag- og tarmproblemer (tarm), matfattig mat, underveks kosthald)
- Matfattig tarmproblemer
- Akuttmatig matavhengig
- Spesialmat
- Drenørmat
- Vitaminer og mineraler, matavhengig
- Overvekt og fedme (med/utan kosthald)
- Matallergier og -intoleranser
- Diabetisk type 1 og type 2
- Cystisk fibrose
- Hæmofilia

Voksen

- Helse- og karosyklus
- År
- Undersøkelse
- Langsiktshelse
- Matallergier og -intoleranser
- Mag- og tarmproblemer (tarm), matfattig mat, underveks kosthald)
- Matfattig tarm (BBS)
- Helseproblemer
- Nyreproblemer
- Leversykdom
- Neurologiske sykdom
- Neurologiske sykdom
- Diabetes (med/utan kosthald)
- Diabetes type 1 og type 2
- Helsestøring/rehabilitering
- Psykisk sykdom
- Russelofiber

Eldre

- Undersøkning
- Bemerkhet og bruk
- Får
- Revmatisk sykdom
- Psykisk sykdom
- Neurologisk sykdom
- Dentistisk sykdom
- Helsestøring/rehabilitering
- Godehending/preventiv ernæring på institusjonar i helsesektoren



tilsett rundt om i kommunane i Norge. I dag er talet 60 (tal frå Forskarforbundet). Sjølv om talet har auka er det framleis eit stort behov for denne type kompetanse kommunalt og Helsedirektoratet tilrår at 533 kef'ar bør arbeide kommunalt i

og/eller planlagd, som til dømes; kartlegging av underernæring, ernæringsoppfølging, kompetanseutvikling/internoplæring, vurdering av menyar, kosthaldsrettleiing, oppfølging av nasjonale retningsliner og systemutvikling.



*Adelheid
Fretland Standal*

Frukt- og bærsatsing i Luster

Luster kommune har til alle tider vore ein kommune med eit stort og aktivt landbruk med ulike produksjonar. I tidlegare tider var det vanleg at alle gardsbruk hadde både dyreproduksjonar, frukt og bær, grønsaker og anna. I Luster hadde ein endåtil ein periode på 1920-talet der tobakksproduksjon var ei stor næring. Frukt og bær har vore viktige kulturar i landbruket, noko som syner att i eitt eige frukt- og bærmottak for bygdene rundt Lustrafjorden, Luster grønt. No er det berre bær som går gjennom dette mottaket, og i all hovudsak bringebær.

I dagens landbruk i Luster er det eit meir einsidig landbruk av mjølk frå storfe, kjøt frå storfe og kjøt frå sau. Noko mjølk frå geit finst og, men dette er av mindre

skala. I tillegg har bringebær vore ei stor næring i Luster siste 20-30 åra. No slit denne næringa med sjukdom, nye krav i samband med tilsette og minkande lønsemnd.

Det er også mindre attraktivt for dei som ikkje ynskjer å drive med husdyr å komme heim for å ta over gardar i distrikta om det ikkje er fagmiljø som driv med andre produksjonar. Difor satsar me på å få opp kompetanse på fruktdyrking i Luster. Det er ikkje alle som ynskjer å drive med dyr og difor bør det vere fleire moglegheiter om ein skal halde landbruket like aktivt som i dag.

Trendar i samfunnet peikar mot at me vil ha meir norsk frukt og grønt for å dekke større delar av sesongen, og store aktørar som Gartnerhallen er ein drivar i dette

arbeidet. Det er eit ynskje om ei satsing på norsk frukt og bær framover og tida er difor inne for å prøve å heve kvalitet og mengde på frukt- og bærdyrkinga i Luster. Det er difor ynskjeleg å bidra til rekruttering og kompetanseheving gjennom eit prosjekt i Luster kommune.

Det kortsigtige målet er å klare å samle dyrkarar til kompetansehevande tiltak som styrkar dei som allereie har plantekulturar. Gjennom å syte for at det er eit fagmiljø i kommunen og eit variert tilbod av kulturar er det meir attraktivt for unge dyrkarar å ta over gardsbruk. Det langsiktige målet er å ha eit fagmiljø som over tid står sterkt og er sjølvrekrytterande. Dette bør bestå av så mange dyrkarar at det står seg over større og mindre kriser.

I nabokommunen Sogndal, som er ein av dei store frukt-kommunane på Vestlandet, er det mykje kompetanse å hente. Her finst eit framoverlent miljø der fleire og fleire dyrkarar vel å satse heiltid på garden. Dette fører igjen til positive ringverknader for kommunen både i form av økonomi og busetjing ute i bygdene. Det kjem til å vere fokus på praktisk retta kurs i moderne dyrkingsmetodar for dei vanlegaste kulturane framover. Det vil i all hovudsak føregå ute i hagane, og både nye og gamle dyrkarar er velkomne til å delta på desse samlingane. I samband med frukt- og bærsatsinga er det kommunale plantetilskotet auka opp til 50 % i tilskot til plantekjøp til fleirårige planter innan frukt, grønt og bær. Ta kontakt med landbrukskontoret ved prosjektleiar Håvard Øyrehaugen om du ynskjer meir informasjon om det som skjer framover.



*Prosjektleiar
for frukt- og
bærsatsinga,
Håvard
Øyrehaugen.
Her i full
gang med
epleplanting.*

Universell utforming – til gode for alle

Universell utforming (UU) er å utforme samfunnet slik at så mange som mogleg kan delta aktivt uavhengig av funksjonsevne. UU-begrepet blir nytta innan fleire område som for eksempel samfunnsplanlegging, IKT, design, arkitektur, teneste- og produktutvikling.

Sjå kva som skjer

For deg og meg betyr dette at vi sjølv eller folk vi kjenner skal kunne delta i samfunnet, anten vi har funksjonsnedsetjing eller ikkje. Ein seier ofte at det ikkje er menneska som har utfordringar, men at samfunnstrukturane står som hinder for deltaking. For viss vi tenkjer UU og tilrettelegg for deltaking så kan jo alle være med!

For oss i Norges Blindeforbund er arbeidet med UU for dei med synsutfordringar det viktigaste, sjølv om UU skal være for alle. Vi vil at Luster kommune og alle

andre kommunar skal tenkje konstruktivt om universell utforming. Fordi det gjev eit rikare samfunn når alle kan delta.

Skal ein bevege seg ute, anten til butikken eller til rådhuset, kan det være vanskeleg å orientere seg for svaksynte og blinde. Svaksynte og blinde er ofte avhengig av ledelinjer som enten er taktile(oppheva) eller har fargekontrastar som tydeleg viser retning. Desse linjene skal vise hovudretningane på ulike stader. Til dømes på eit handelssenter. Der er det bra om linjene peikar til inngangen og til kvar ein skal bevege seg

gjennom lokalet. Farar som til dømes trapper må ein markere kor trappetrinn startar og endar. Får vi slike enkle ting på plass blir det langt lettare for fleire å komme seg ut og delta i samfunnet!

Førarhunden har ordet

Hei!

Eg heiter Jerven og er førarhunden til Anne Gerd. Me bur på Hafslo. Her vil eg koma med nokre tips om korleis ein skal oppføra seg om ein møter meg og Anne Gerd etter vegen.

Når eg har kvit sele på meg er eg på jobb og skal ikkje forstyrast! Då må ingen klappa meg eller prøve å ta kontakt med meg. Eit blikk kan være nok til at eg misser konsentrasjonen. De må gjerne slå av ein preik med Anne Gerd, men då må eg ikkje ensast. Anne Gerd ber meg då sitja, og då ventar eg til eg får neste kommando.

Går eg derimot med vanleg hundeband har eg fri og er som andre hundar.

Men hugs den kvite selen, den betyr at eg ikkje skal forstyrast fordi eg er på jobb!

Vennleg helsing, Jerven



Sterk og stødig i Luster

Sterk og stødig er gruppetreningar for seniorar med hovudfokus på å styrke beina og betre balansen. Vidare er den sosiale biten med ei lita samling etterpå også viktig. Modellen går ut på at fysioterapeutar eller anna fagpersonell i kommunane har opplærings- og rettleiingsansvar, og me er avhengige av frivillige instruktørar for å få gjennomført gruppene. I Luster kommune starta det hausten '22 opp to grupper som føregår på Fjordstova i Skjolden og i samfunnshuset i Jostedalen. Me er så heldige at me har fått med oss dyktige frivillige instruktørar som har vore gjennom kurs og som no leier gruppene. Det var kjekke kursdagar med god stemning, utveksling av kunnskap og mykje øving.

Men; ingen treningsgrupper utan deltakarar. Heilt frå starten av har det vore godt oppmøte på treningane. Instruktørane skryt

*Gruppetrening
for seniorar.*



av deltakarane som er flinke til å møte opp, og tykkjer også det er veldig kjekt med den sosiale stunda etter treninga. Me er glade for fleire tilbod lokalt, og vil rette ei stor takk til dei fantastiske instruktørane våre og deltakarane som gjer det mogleg å ha dette tilbodet i bygdene. Framover ønskjer me gjerne å utvide tilbodet og få til treningsgrupper i fleire bygder, og i vår har fysioterapeut frå den kommunale ergo- og fysioterapistenesta og idrettspedagog frå Frisklivs-

sentralen gjennomført rettleiarkurs for å vere klare til å lære opp nye instruktørar.

Har du lyst å bli instruktør eller kjenner du nokon som kanskje vil bidra? Dette kan passe for deg som har tid og lyst til å stille opp på dagtid. Det er ikkje nødvendig med erfaring som treningsinstruktør, då du vil få god opplæring i forkant. Ta kontakt med fysioterapeut Laila Kjærviik på tlf 47 80 89 61 eller på e-post laila.kjervik@luster.kommune.no

Gjøri Skjerdal (fysioterapeut Sogndal kommune), Marta Marie Bukve, Wilfred Pedersen, Torill Otterhjell, Asbjørg Ormberg, Kristen Ormberg, Marit Elvekrok, Marit Hindrum Grønningssæter (fysioterapeut Frisklivssentralen).



Kjenner du deg trygg heime?

Treng du nokon å snakke med?

Luster legekontor:	57 68 56 00
Luster helsestasjon:	57 68 56 05
Psykisk helseteam:	57 68 56 34
Familievernkontoret:	46 61 92 80
Sogn barnevern (dagtid):	97 50 60 95
Barnevernvakta (kveld/natt/helg):	40 02 29 88
Krisesenteret i Florø:	57 74 36 00
Overgrepsmottaket (Førde):	57 72 37 48
Politi:	112
Legevakt:	116 117

Ved akutt fare, ring politiet 112.

Politiet kan påleggje overgripars besøksforbod og kan hjelpe deg å kome til krisesenteret. Du kan melde valden.

På Krisesenteret i Florø kan du kome både dag og natt for å bu trygt. Du treng ikkje å ha synleg skade for å søkje hjelp – trugslar og psykisk vald er like alvorleg.

Er du blitt seksuelt misbrukt eller valdteken? Ring overgrepsmottaket i Førde: **57 72 37 48**. Dei tek vare på deg, undersøker deg og hjelper deg å dokumentere overgrepet.

Nasjonale hjelpelefonar

Mental Helses hjelpelefon:	116 123
Alarmtelefon for barn og unge:	116 111
Kors på halsen (for barn og unge):	800 333 21
Vold- og overgrepsslinjen (VO):	116 006
Røde Kors-telefonen om tvangsekteskap:	815 55 201
Hjelpelefon for seksuelt misbrukte:	800 57 000
Alternativ til vold (ATV):	55 60 31 99
Vern for eldre:	800 30 196

Er du vitne til vald; som nabos, ven eller kollega? Er du uroleg for at ting ikkje er som det burde vere hjå nokon du kjenner? Ikkje ver redd for å seie ifrå, du kan gjere ein skilnad.

Meir informasjon finn du på:
<https://DinUtvei.no>

For meir informasjon om kven du kan snakke med, scann QR-koden:



SJEKKLISTE:

- Er du usikker på om det du opplever heime er bra for deg?
- Er du redd for kva som kan kome til å skje med deg?
- Er barnet ditt trygt?
- Får du høre at du ikkje er verdt noko?
- Vert du tvinga til seksuelle handlingar?
- Vert ting du er glad i øydelagt?
- Ynskjer de hjelp til å løyse konfliktar?
- Disponerer du eigne pengar?

Det er aldri din feil! Det er aldri for seint! Det er alltid hjelp å få!



Hjarteleg takk for minnegåver til Luster omsorgssenter i høve **Severina K Hagenes** og **Ingeborg Nordheim** sin bortgang

Helsing Luster omsorgssenter
Liv Hunshamar, leiar

Hjarteleg takk for minnegåve til Gaupne omsorgssenter, kortidsavdelinga, i høve **Oddveig Sofie Brugrand** sin bortgang.

Hjarteleg takk for minnegåve til Gaupne omsorgssenter, heimesjukepleien, i høve **Marta Øiene** sin bortgang.

Helsing Gaupne omsorgssenter
Tone Kjærvik Kveane, leiar

Tilsette som fekk **heider** for 25 års teneste i Luster kommune

29. mars var det jubileum på Eikum hotell for å heidre tilsette med lang og tru teneste. Det

vart servert god mat og flott underhaldning ved Renate Skophamar. Tilsette i 25 år fekk

overrekt bilet og blomar. Dei vart takka med gode ord frå ordførar og rådmann.



Bak f.v.: Rådmann Jarle Skartun, Svein Bjarne Steig, Bjørg Irene Svangstu, Mariann Alme, Nina Kristin Høgi, May Ruth Flugheim Nerset, Elisabeth Lerum Alme, Kjell Bergum, Reidun Melås, Margrete Søhoel Røneid, Linda Hermansen, Lisbeth Frantzen Leirdal, Ordførar Ivar Kvalen og Gunn Siren Haugen.

Framme f.v.: Anne Kristin Hal veg, Monica Sognnes, Solveig Stende, Elin Nina Fossheim, Eli Merete Hansen Moen, Sonja Rutledal, Jorunn Sofie Haugen, Sigrun Sandvik Kalhagen og Anne Perlaug Fossøy.

Ikkje til stades: Nina Cirotzki, Arve Lomheim, Steinar Høyheim, Turid Midtbø, Elin Nyøygard, Linda Midtun, John Olaf Røhme, Linde Øvregard Røhme, Arne Vigdal, Anette Hauge Øvrebø og Irene Hundershagen

Blås grønt!

I samband med Lustrabåldei arrangerte UK Luster «blås grønt»!

UK Luster stod utafor inngangen til Parken i lag med politiet og her kunne ungdomar frå 9. klasse til og med 19 år få teste seg om dei hadde promille eller ikkje. Bles ein grønt var ein med i trekkinga av fine premiar.

Me vil gratulera vinnarane: Synnøve Vigdal, Johan Halset, Eline Johannessen og Jakob Husum.

(Bilete frå Instagram til UK Luster)



Flyktingenesta

Luster kommune har til d.d teke imot og fått fordeling på 39 flyktningar i 2023. Dei fleste av flyktningane som blir busett er frå Ukraina, men nokre er også frå andre land, av dei kjem på familiegenforeining som til dømes frå Eritrea.

Luster kommune skal i år som i fjor ta imot 90 flyktningar. Til samanlikning med innbyggjartalet, er dette som om Oslo skulle teke imot 20.000 flyktningar på 2 år. I dette høvet har det vorte viktig å auke personalet og styrke tenesta til å tåle den flyktingestraumen ein no står i. Flyktingenesta har fått på plass ein språkassistent i 100% stilling. Tenesta har to programrådgjevarar og vaksenopplæringa har etablert 4 klassar med over 60 elevar og tilsett fleire lærarar. Tenesta har også ein frivilligkoordinator som skal koble flyktningane med dei frivillige og deira lag og organisasjonar.



Olena starta i praksis hjå Pyramiden Frisør i mars. Ho fortell at her vasker og klypper ho hår og fargar augnebryn. Ho har jobba som frisør i 6 år i Ukraina.



Eduard jobbar som vikar i Gaupne barnehage. Han starta i februar og er inne som vikar på alle avdelingane. Han hjelper også som språkassistent til dei ukrainske barna.



Mahmoud starta i praksis på Gaupne skule i november i fjor. Han er inne i 2. klasse og etterpå SFO.





Rawda starta i praksis på Gaupne skule i september i fjor. Ho er no i 3. klasse og hjelper til med oppgåver og oversetting. Ho er etterpå på SFO.



Anna starta praksis på Gaupne skule i januar. Ho er no i 6. klasse og fungerer som språkassistent for ukrainske elevar og hjelper elles elevane med ulike oppgåver. Ho seier det er god norsk trening for ho å lytte til lærarane og lese norsk barnelitteratur.



Oleksander starta i praksis på Raauam Gard i februar. Han gjer ulike vaktmestertenester og er med å byggje opp garden til å ta imot turistar.

Flyktingenesta mottek rettleiing frå kommunepsykolog ein gang i månaden. Målet er å styrke tenesta der ein kan drøfte saker anonymt og få rettleiing på korleis ein skal ta vare på seg sjølv.

Norskopplæringa har fokus på fysisk aktivitet og friluftsliv. Aktivitetene er mellom anna tur, trening på bana, innandørstrening i idrettshallen, frisbeegolf med meir. Som ein del av introduksjonsprogrammet skal alle ut i praksis med mål om å lære språket og norsk arbeidsliv.



Dagsenteret

Dagsenteret er eit tilbod kommunen har for personar med demenssjukdom. Det er eit dagopphald i kjellaren på Hafslo omsorgssenter. Der har dagsenteret eigen inngang, arbeidsrom, stove, kjøkken og hage. Ute i hagen har me grillhytte og hønsehus med 8 høner. Me på dagsenteret nyttar finversdagar ute, med å gå turar i nærområdet, kører til småplassar og ser og mimra om stadar og plassar. Me lagar td.

Heimekoseleg sofakrok med utsikt til hønsehuset.



tennbrikettar, fuglemat, kløyver ved og strikkar. Aktivitetar blir tilpassa i forhold til årstid og interesse. Me har også eit kvilerom om det skulle vere behov for det.

Dagsenteret har eigen bil og hentar dei som ynskjer dette heime, og kører alle heim når dagen er over. Dagane fyller me med tilpassa meiningsfulle aktivitetar og utflykter. Ein tek utgangspunkt i interesser eller ynskjer. Me les, syng og utfører trimøkt kvar dag. På dagsenteret startar me dagen med frukost ca kl 09:00 og ein varm lunsj i 12:30-tida. Dagsenteret er ope alle kvardagar. Om pårørande ynskjer å delta på aktivitetar eller liknande er dagsenteret eit trygt og tilgjengeleg tilbod for alle med demenssjukdom i kommunen. Ein vel sjølv kor mange dagar ein ynskjer eller har behov for. Me ynskjer å ha eit godt samarbeid med pårørande for å tilpasse tilbodet etter behov.

Hønsehuset kom på plass hausten 2022, som eit resultat av eit samarbeid med demensforeninga. Helsedirektoratet, Nasjonalforeningen for folkehelse og Luster kommune har bidrege med pengar til prosjektet, i tillegg til fleire lokale sponsorar. Hønsehuset er det tømrarlinja på Sogndal VGS som har bygd og Sjur Dale, Lars Mogens og Bjørn Hanto som har snikra inventar til hønene. Hønene blir stelt fint av personale på Hafslo omsorgssenter der brukarar av dagsenteret og brukarar som bur



Med eige hønsehus er det ferske egg til frukosten.

på omsorgssenteret kan få vere med å plukke egg og mate dei. Hønene er til stor glede for dei som har interesse for dette.

Ta kontakt dersom du har spørsmål knytt til dagsenteret:

Fagleiar Margrete:
tlf 482 53 698
Demenskoordinator
Anne Grete:
tlf 907 57 943

100 år Inger Galde



Den 31. januar var eg så heldig å bli inviterte til 100 årsdag til Inger Galde. Dagen vart feira i aktivitetstova på omsorgssenteret i Luster. Det var dekka til fest med familie, slekt og vener som gjester.

Inger er fødd på garden Sønnesyn på Indre Hafslo. Inger er fødd tvilling med systera Signe, ho hadde og ei syster Gjertrud som var eldre og broren Per som kom til 2 år etter.

Syskenflokken på Sønnesyn måtte tidleg læra seg å arbeida. Berre 3 år etter vetlebroren Per var fødd døydde far til Inger. Å驱va ein gard på den tida krevde mykje av dei som sat att. Seinare vart Inger gift med hotelleigar

Ola Galde på Skjolden. Dei dreiv Skjolden hotell ilag i mange år, heilt til neste generasjon tok over styringi.


Inger fortalte livleg om tida på hotellet, det var lange dagar og varierte dagar. I sommarsesongen vart det smått med sovn når arbeidsdagen gjerne starta før kl 5 og varde til over midnatt. Sjølv om arbeidet på hotellet tok mykje tid, prøvde ho av og til å få seg ein liten fjelltur. Inger har vore på dei fleste fjelltoppar kring Lustrafjorden og i følgje andre som var gjester i 100 årsdagen, var ho svært lett på foten i motbakkan, det var ikkje lett å halde fylgje. Ein historie som vart fortalt denne dagen var når

Inger var på Store Skagastølstind. Det laga seg eit høve at ho fekk vere med nokre karar på Storen, dei la ut frå Turtagrø tidleg om morgenon, Inger lo godt når ho fortalte, ho hadde nok ikkje førebudd seg så godt til turen, det hadde gått litt fort om morgenon. Ho la ut på turen i gummistøvlar og hadde ikkje med seg verken matpakke eller drikke, men 12-14 timer etter avreise var ho på plass på hotellet att. Kl 19 samme kveld serverte ho middag til 70 gjester.

*Luster kommune vil gratulere
Inger Galde med 100 årsdagen.*

*Ivar Kvalen
Ordførar*

Olsokmarknad i Fortun



Sommaren er her og me i Fortun vil gjerne invitera deg til

**Olsokmarknad
laurdag 29. juli kl 11.00.**

Me har boder med sal av bær og grønsaker, bakverk, pølser og honning m.m. Handarbeid og antikvitetar, og Annemor snurrar Lykkehjulet i år og!


Du får kjøpt grillmat, kaffi og kaker får du kjøpt og lodd på marknadslotteriet.

Ein fin dag å slå av ein prat med gamle kjende!

Om kvelden, etter at marknaden er over, har Forthun 1882 hagekonsert med *Folk Flest* og me satsar på at finværet held heile dagen!



Luster kommune Opningstider



Rådhuset

Måndag, tysdag og onsdag	9:00-15:00
Torsdag	9:00-15:30
Fredag	9:00-15:00

Reduserte opningsider i juli:
Måndag - fredag 10.00-14.00

Du kan booke avtalar, finne informasjon og vaktnummer på www.luster.kommune.no



Scan qr-koden for å tinge avtale med tilsette ved rådhuset

Luster legekontor

Måndag - fredag:	
Telefontid	08.00-14.30
Konsultasjon	08.30-14.00
Labratorium	08.30-14.30

Luster bibliotek

Måndag	stengt
Tysdag, onsdag og torsdag	11.00-16.00
Fredag	11.00-15.00
Laurdag	11.00-14.00

NAV Luster

Måndag, onsdag og fredag	Kun timeavtale
Tysdag	12.00-14.00
Torsdag	13.00-14.00

Luster miljøpark/Simas

Måndag	09.00-14.00
Torsdag	14.00-18.00(19.00*)

*gjeld i perioden 1. mai tom 31. august

Lustrabadet

Måndag, tysdag og torsdag	15.00-20.30
Onsdag og fredag	06.30-08.30/ 12.00-20.30
Laurdag og søndag	10.00-17.00
19. juni -20. august	10.00-18.00
Måndag - fredag	10.00-17.00

Returadresse:
Luster kommune
Postboks 77
N-6866 Gaupne
Noreg / Norway

Informasjon



Få med deg dei aktuelle sakene!

Folg Luster kommune
på sosiale medium



LUSTRA NYTT Nr. 1 - 2023

Opplag: 4.150. Vert distribuert gratis til alle husstandar i Luster kommune og til abonnentar utanfor kommunen. Magasinet vert også sendt til alle avdelingar på Lærdal sjukehus.

Redaksjonen avslutta 16. juni 2023.

Ansvarleg redaktør: Rådmann Jarle Skartun.

Redaksjonen er lagt til Infotorget v/Ørjan Talle.

Alle tenesteeiningar har informasjonsansvar, og er bidragsytarar til redaksjonen.

Tilbakemeldingar, tips osv. kan gjevest til adressa nedanfor.

Redaksjonen si adresse:

Luster kommune, Lustranytt,

Postboks 77, 6866 Gaupne

Tlf. 57 68 55 00

E-post: postmottak@luster.kommune.no

Layout/produksjon: sognefjord.net as | Tlf 959 86 632

Framsidefoto: Gode vene i Skårvatnet

Fotograf: Siri Ann Skagen

Viktige telefonnummer

Helseenteret/Lege i kontortida

Tlf. 57 68 56 00

Sentralbordet på rådhuset er også sentralbord for kontora på helseenteret med unnatak for legane, dvs. for fysioterapi, ergoterapi, jordmor, helsestasjonen og psykisk helse.

LEGEVAKT

Tlf. 116 117

TANNLEGEN i Nesgården

Tlf. 57 63 68 30

KOMMUNALTEKN. BEREDSKAP

Mob. 481 02 120

(Veg/vatn/kloakk)

NAV Luster Tlf. 55 55 33 33

Andre viktige telefonnr.:

Melding om brann Tlf. 110

Vakthavande brannbefal Mob. 416 59 440

Politi Tlf. 112

Ambulanse Tlf. 113

